


# Kulturminneregistrering

## Vaksdal Kommune

Våren 2012  
Del 1



## **Innhald**

1 Samandrag .....	5
1.1 Bakgrunn .....	6
1.2 Retningslinjer frå Riksantikvaren.....	7
1.3 Målsetting .....	8
1.4 Gjennomføring av kulturminneregistreringa .....	8
1.4.1 Årstida og tidsperspektivet – to utfordringar.....	8
1.4.2 Geografiske sonar.....	9
1.4.3 Tal på kulturminne i kvar sone .....	9
1.4.4 Stadnamn og skrivemåte .....	9
1.4.5 Registreringsnummer .....	9
1.4.6 Kjelder .....	10
1.4.7 Etterregistreringar.....	11
1.4.8 Kulturminne.....	12
1.4.9 Datering .....	12
1.5 Kva inneheld rapporten .....	13
2. Kulturminne som ikkje knytt seg direkte til gards- og jordbruk .....	14
2.1 Arkeologiske kulturminne .....	14
2.2 Laksegiljer .....	14
2.3 Bygningar før 1650 .....	15
2.4 Kyrkjer .....	15
2.5 Industri/næring .....	16
2.6 Dampbåtrelatert .....	16
2.7 Jernbane.....	16
2.8 Veg/sti .....	17
2.9 Attåtningringar.....	18
2.10 Skule/forsamlingshus .....	19
2.11 Idrett .....	19
2.12 Minnesmerke .....	19
2.13 Varderekke .....	19
2.14 Butikkar .....	20
2.15 Anna kulturminne.....	20
2.16 Kulturmiljø .....	20
3 Vaksdal (1251/1000).....	21
Arkeologiske kulturminne .....	21
Laksegiljer .....	22

Kyrkjer .....	23
Industri/næring .....	24
Jernbane.....	26
Attåtnæringar.....	27
Idrett .....	28
Minnesmerke .....	29
Anna kulturminne.....	30
4 Stanghelle (1251/2000) .....	31
Arkeologiske kulturminne .....	31
Kyrkjer .....	33
Industri/næring .....	33
Jernbane.....	33
Dampbåtrelatert.....	35
Veg/sti .....	35
5 Dale (1251/3000).....	35
Arkeologiske kulturminne .....	35
Kyrkjer .....	35
Industri/næring .....	37
Jernbane.....	40
Dampbåtrelatert.....	40
Veg/sti .....	41
Idrett .....	41
Minnesmerke .....	42
6 Bergsdalen (1251/4000) .....	44
Kyrkjer .....	44
Industri/næring .....	45
Veg/sti .....	46
Skule/forsamlingshus .....	47
Minnesmerke .....	47
7 Stamnes (1251/5000).....	49
Arkeologiske kulturminne .....	49
Laksegiljer.....	51
Bygningar før 1650 .....	53
Kyrkjer .....	53
Jernbane.....	55
Dampbåtrelatert.....	55

Veg/sti .....	56
Attåtnæringar.....	57
Minnesmerke .....	59
Landskapsmuseet på Straume .....	59
8 Osterøy og Veafjorden (1251/6000).....	62
Arkeologiske kulturminne .....	62
Laksegiljer.....	63
Veg/sti .....	63
Attåtnæringar.....	65
Skule/forsamlingshus .....	67
Anna kulturminne.....	67
9 Eidsland (1251/7000) .....	69
Arkeologiske kulturminne .....	69
Kyrkjer .....	69
Industri/næring .....	70
Dampbåtrelatert.....	71
Veg/sti .....	72
Attåtnæringar.....	73
10 Eksingedalen (1251/8000).....	74
Arkeologiske kulturminne .....	74
Bygningar før 1650 .....	76
Kyrkjer .....	77
Veg/sti .....	78
Skule/forsamlingshus .....	79
Minnesmerke .....	79
Butikkar .....	79
Anna kulturminne.....	79
11 Registrerte kulturminne i Vaksdal Kommune – ei kort oppsummering.....	81
11.1 Verdisetting og verdivekting.....	81
11.2 Har alle kulturminna like stor verdi?.....	81
11.3 Viktige kulturminne i kommunen .....	82
11.4 Synfaring på landskapsmuseet i Straume .....	84
11.5 Døme på bruk av kulturminne andre stader .....	86
11.6 Avslutting.....	86
Uregistrerte Kulturminne .....	87
Litteratur.....	88

Munnlege kjelder..... 90

# 1 Samandrag

I perioden 2. januar til 29. juni 2012, gjennomførte Vaksdal Kommune si eining for kultur, ei kulturminneregistrering. Deltakarar var Guro Koksvik Lund (i heile perioden) og Anita Alice Vik (fram til 25. april). Hovudmålet var å skaffe ei oversikt over ulike kulturminne i kommunen for å kunne utarbeide ei kulturminneplan. Rapporten etter registreringa er skreve av Guro Koksvik Lund.

## 1.1 Bakgrunn

For å kunne utarbeide ei god og nøyaktig kulturminneplan vart det vedtatt å gjennomføre ei kulturminneregistrering for å skaffa oversikt over kva som finst – og kva som bør takast vare på – i kommunen. Dette prosjektet fekk ei støtte frå Riksantikvaren på Kr 100 000.

### Prosjektets oppgåve

Til grunn i prosjektet låg arbeidet med å registrere kulturminne i kommunen. Med kulturminne meines:

”kulturminner er alle spor etter menneskers liv og virke i vårt fysiske miljø. Begrepet omfatter også steder det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til. Også naturelementer med kulturhistorisk verdi er kulturminner, eller kan inngå som del av et kulturminne. Kulturminner kan for eksempel være bygninger, hager, gravhauger, helleristninger, båter eller veifar. Disse kan være fra tidligere tider eller fra vår egen tid. Det skilles mellom løse og faste kulturminner” (HLR 2012: 41).

For å kunne avgrense det halvårige prosjektet litt vart det tatt ei avgjerd om å berre registrere faste kulturminne. Med faste kulturminne meines:

”Betegnelsen brukes om jord- eller stedfaste kulturminner. Arkeologiske funn inngår som deler av fast kulturminne så lenge de befinner seg i jorda eller under vann” (HLR 2012: 40).

Det som skulle registrerast var altså fysiske spor etter menneskelig aktivitet. Det betyr at lause kulturminne, stadnamn og stadar det knytt seg segn og forteljingar til ikkje er ein del av denne registreringa. I nokre tilfeller vart det tatt med lause kulturminne, men dette høyrte altså ikkje til hovudregelen. Døme på dette er museumsgjenstandar. Det har vorte funne ulike gjenstandar i kommunen ved arkeologiske utgravingar. Dei har vorte fjerna frå jorda og leverte inn til Universitetsmuseet i Bergen (tidlegare Bergen Museum). Dei er difor blitt til lause kulturminne. Der det er registrert arkeologiske kulturminne vil likevel funna bli omtala, men enkeltfunn i seg sjølve er ikkje tatt med.

Eit kulturminne treng ikkje vere gammalt. Ein talar om både eldre- og nyare tids kulturminne, og det er registrert kulturminne i kommunen frå 2000-talet.

I tillegg til å registrere kulturminne vart det òg registrert fleire kulturmiljø, og i eit tilfelle eit kulturlandskap:

”Et kulturmiljø er et område der kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng. Også naturelementer med kulturhistorisk verdi kan inngå i et kulturmiljø. Kulturmiljøer kan for eksempel være et byområde, ei setergrend, et fiskevær eller et industriområde med fabrikker og boliger” (HLR 2008: 41)

”Kulturlandskap er alt landskap som er påvirket av mennesker. Betegnelsen brukes når det fokuseres på den menneskelige påvirkningen av landskapet, og særlig ofte om jordbrukslandskap” (HLR 2008: 41).

Der det er registrert fleire kulturminne som altså spelar saman i ein større samanheng, er dette registrert som nettopp det.

## **1.2 Retningslinjer frå Riksantikvaren**

Registreringa vart gjennomført etter retningslinjene frå Riksantikvaren slik dei er framsett i *Håndbok for lokal registrering* (HLR 2012). I handboka gis det vegledning i kva som kan registrerast og korleis ein går fram. Det føreligg òg egne skjema for registreringane.

Der me har møtt grunneigar har løyve til å registrere inne på eigedomen vore grei. Der med ikkje har fått tak i eigar har me halde oss til reglane i handboka som bygger på allmenne reglar. Det er fri ferdsel i utmark. På innmark er det ikkje det. Fotografering av kulturminne er derimot tillete frå offentleg eigedom – slik som vegar – og me har halde oss til det i slike tilfelle. Det vil seie at fleire kulturminne er registrerte på denne måten. Frasa ”... ser ut til å vere i god stand” tyder da på at det aktuelle kulturminnet som er registrert, har det ikkje vore mogleg å gjere nokon nærare inspeksjon av. Det kan sjå ut til å vere i god stand, men heilt sikre kan me ikkje vera.

Registrering av eit enkelt kulturminne inneber å skaffa opplysningar om det, undersøke tilstand, fotografere og dokumentere og til sist kontrollsjekka at infoen stemmer. Det er ført registreringsskjema på kvart einaste kulturminne som er registrert, samt at det er fotografert. Kulturminna er presenterte i del to av rapporten.

## **1.3 Målsetting**

Sjølve kulturminneregistreringa ligg til grunn for vidare arbeid med, og kunnskap rundt, kulturminna og deira verdi. I eit brev frå Riksantikvaren, datert 09.08.2011 kjem det fram at:

Registreringsarbeidet skal føre til

1. Økt kunnskap og bevissthet om kulturminneverdiene i kommunen
2. Oversikter over og verdisetting av viktige kulturminner, kulturmiljøer og landskap
3. At de nasjonale databasene Askeladden og Kulturminnesøk til enhver tid er oppdaterte
4. Bedre forvaltning av kulturminner blant annet gjennom bruk av plan- og bygningsloven
5. At det utvikles et godt samarbeid mellom ulike aktører lokalt
6. At samarbeidsmodellene med lokale kunnskapsmiljøer er robuste på lang sikt
7. Politiske vedtak om utarbeiding av kulturminneplaner som kommunedelplaner eller deler av kommuneplaner

Registrering av kulturminner er altså første steg i eit vidare arbeid med ivaretaking og verdisetting.

## **1.4 Gjennomføring av kulturminneregistreringa**

### **1.4.1 Årstida og tidsperspektivet – to utfordringar**

Det vart satt av 6 månadar til kulturminneregistreringa i ei 50 % stilling. I tillegg kom tilsettinga av ein kjentperson til å vere med. Dette hjelpte godt for å utnytte den tida som var til rådighet. Likevel viste det seg å vere langt fleire moglege kulturminne i kommunen enn først anteke. Allereie ved den oppdaginga sto det klart at tida ikkje ville strekke til. I tillegg kom problema knytt til årstida. Vaksdal Kommune er prega av sitt ville og bratte landskap. Enkelte stader er undersola, og andre ligg så høgt oppe at snøen ligg til langt utpå våren, faktisk til sumaren kjem. Dette har ført til utfordringar når det gjeld registreringsarbeidet. Mange stader har vore uframkommelege heilt til slutten av prosjektida, og difor har det ikkje vore mogleg å få med kulturminne som ligg i desse områda. Dette førte til at me måtte ta nokre grep og gjere ein del harde prioriteringar for å få gjennomført ei så brei og innhaldsrik registrering som mogleg. Me tok eit utval av kulturminne i kommunen og registrerte desse. Det meste visste me om på førehand, men det kom òg til noko som me ikkje hadde førstehandskjennskap til. Målet med dette utvalet er å vise eit representativt utval av kva som finst i kommunen. Eit døme kan vere våningshus på gardane. Vaksdal er – som resten av vestlandet – dominert av typiske vestlandshus og me har difor registrert eit stort utval av desse, men ikkje alle i kommunen. Likevel vil ein sitja att med mykje kunnskap om

bygningstradisjonar i området. Målet vart altså å registrera eit stort representativt utval for å gje gode døme på kva som finst av ulike typar kulturminne.

### **1.4.2 Geografiske sonar**

For å systematisere arbeidet med registreringa vart kommunen delt inn i åtte geografiske sonar. Her vart det tatt eit lite utgangspunkt i sokna, men i hovudsak gjekk me ut frå korleis kommunen er bygd opp og inndelt i dag. Denne registreringa er til for dei som bur og lever her i dag, og det vert difor mest naturleg og dela kommunen inn slik busetnaden fell seg. Områda er avgrensa rundt tettstadane Vaksdal, Stanghelle, Dale og Eidsland. I tillegg kjem områda knytt til Bergsdalen og Eksingedalen, og til sist dei isolerte områda på Osterøy og langs Veafjorden. Registreringa tok utgangspunkt i gards- og bruksnummer i desse områda.

### **1.4.3 Tal på kulturminne i kvar sone**

Størrelsen på dei ulike geografiske sonene varierer og det gjer følgjeleg òg talet på kulturminne i kvar sone. Det betyr naturleg nok at det til dømes er fleire registrerte kulturminne frå Stamnes enn frå Eidsland. Her er det ikkje gjort noko forskjellsbehandling mellom sonene. Tal på kulturminne og variasjon er eit resultat av størrelsen på områda, og på kva aktivitetar som har satt spor etter seg der tidlegare.

### **1.4.4 Stadnamn og skrivemåte**

Når det gjeld stadnamn rundt om i kommunen, så varierar skrivemåten frå kjelde til kjelde. Ein har t.d. dialekten, bygdebøkene, kartverk og vegvesenet som alle oppgjer ulike skrivemåtar. Eit døme er gard nummer 5 som skrives Grøttå, Grautå og Grautåni. Stadnamn kan vera eit til dels betent tema, og me har gjennom registreringa forsøkt å halde oss til dei mest brukte skrivemåtane. I dei fleste tilfelle vil staden vere kjend for dei fleste uansett.

Det kan òg nemnast at i enkelte tilfelle omtalast nokre kulturminne med det namnet dei har på dialekt.

### **1.4.5 Registreringsnummer**

Kvart kulturminne fekk fortløpande eit registreringsnummer ved registreringa. Det er fylke- og kommunenummer samt ein kode for den sona kulturminnet finst i og fortløpande nummer deretter. Kvar geografiske sone fekk ein talkode:

1000 - Vaksdal  
2000 - Stanghelle  
3000 - Dale  
4000 - Bergsdalen  
5000 - Stamnes  
6000 - Osterøy og Veafjorden  
7000 - Eidsland  
8000 - Eksingedalen

Eit kulturminne sitt registreringsnummer kan da t.d. sjå slik ut 1251/8009. Det er da kulturminne nr 9 som er registrert i Eksingedalen.

### **1.4.6 Kjelder**

I tillegg til kjeldelitteratur er det gjort bruk av ein del kjelder som går att i heile registreringsarbeidet:

#### *Munnlege kjelder*

Den viktigaste kjelda for informasjon om ulike kulturminne, er dei som eig og/eller nyttar dei. Overalt der med har vore har me forsøkt å intervju folk om kva dei veit om dei ulike kulturminna. Her kan det nemnast at folk i Vaksdal Kommune er særst interesserte i kulturminna sine og at dei villig og hjelpsame har delt informasjon med oss.

#### *SEFRAK*

Sekretariatet for registrering av faste kulturminne. Mellom 1975 og 1995 vart det registrert bygningar i regi av SEFRAK. Registreringa omfatta bygningar som var bygde før 1900, men me ser at i Vaksdal Kommune så registrerte dei ein del yngre bygningar òg. Registratorane fylte ut skjema som enno er tilgjengelige. Det var òg mogleg for dei å intervju ein generasjon det er særst få att av i dag.

SEFRAK-registreringane er ført med liknande registreringsnummer som kulturminneregistreringa: Fylke+kommune/krins/løpenummer, t.d. 1251/103/014

#### *Askeladden*

Askeladden er Riksantikvaren sin database for registrerte kulturminne. Dei kulturminna som ligg her inne er gjerne freda eller inngår i ein frednings/verneprosess.

#### *Dokumentasjonsprosjektet*

I eit samarbeid har dei humanistsike miljøa ved Universiteta i Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø gjort informasjon vedrørande språk og kultur tilgjengeleg på nett. Her finst t.d. informasjon om arkeologiske funn og museumsgjenstandar. Det er Universitetet i Oslo som driftar databasane. (<http://dokpro.uio.no>)

#### *Per Fett sine registreringar*

Arkeologen Per Fett er kjend for sitt arbeide med registreringane av dei vestnorske fornminna – *Førhistoriske minne på Vestlandet*. Informasjonen er tilgjengeleg gjennom dokumentasjonsprosjektet.

#### *Matrikkelen*

Matrikkelen er eit offentleg register over eigedomar, eigedomsgrensar og bygningar. Dette registeret driftas gjennom Statens Kartverk, og det er deira offentlege side me har nytta for å skaffa informasjon over gards- og bruksnummer, samt bruksnamn. Her er det viktig å merke seg at bruksnummer og bruksnamn kan endra seg kjapt og at t.d. bygdeboka og SEFRAK-registeret ikkje er heilt oppdaterte lengjer.

### **1.4.7 Etterregistreringar**

Ein del av registreringane i dette prosjektet har vore etterregistreringar av tidlegare arbeid. Grunnen til det er at tilstanda til kulturminna endrar seg over tid og at ein må følgje med dei. SEFRAK-registreringane skal etterregistrerast og det føreligg eige skjema for dette på Riksantikvaren sine nettsider. Her er det ikkje meininga å ettersjekke informasjon, men fylle ut opplysningar vedrørande tilstand. Dette har me gjort såframt me har registrert tidlegare SEFRAK-bygningar. På grunn av tidsperspektivet har det ikkje latt seg gjere å etterregistrere alt.

Per Fett sine registreringar valte me og å etterregistrera. Dette fordi Fett sine registreringar ofte blir nytta og at det difor er lurt å vite tilstand på kulturminna. Noko av dei er i dag borte, andre er enno her.

Kulturminne som ligg inne i Askeladden har me òg registrert – sjølve om dei er godt omtala der – fordi Askeladden ikkje er ein database som er open for alle, og for å undersøke tilstand.

### **1.4.8 Kulturminne**

Ved registreringa valde me å dela alle kulturminna inn i to hovudgrupper for å kunne gjera eit brett utval av begge gruppene. Desse hovudgruppene er; *Kulturminne som ikkje knytt seg direkte til gards- og jordbruk, og kulturminne som knytt seg til gards- og jordbruk.*

#### *Kulturminne som ikkje knytt seg direkte til gards- og jordbruk*

Kulturminna som er plasserte i denne gruppa er alt frå arkeologiske kulturminne til bygningar, industri og næring og vegar. Attåtningar, som gjerne føregjekk på gardar – vil òg presenterast her sidan dei likevel knytt seg meir til handel og næring enn jordbruk.

#### *kulturminne som knytt seg til gards- og jordbruk*

kulturminna som er plasserte i denne gruppa knytt seg spesifikt til livet på- og drifta av garden. Det gjeld hus og andre bygg samt spor i landskapet.

#### *Kulturminne som høyrer til begge grupper*

I enkelte tilfelle vil det vera nokre kulturminne som kan høyre til begge grupper. Dette kan til dømes gjelde vegar, men da er det gjort eit skilje mellom om vegane er bygde for industri e.l. eller om dei er bygde som reine gardsvegar. Døme på attåtningar kan òg dukke opp i begge grupper, men i samanheng med gardsdrift blir det da som del av ei gardsbygning.

### **1.4.9 Datering**

På registreringsskjema frå Riksantikvaren er det ei eiga kolonne for datering av kulturminna. Denne skal fyllast ut, men det har ikkje vore mogleg i mange tilfelle. Alder på ting er ikkje alltid nedskrivne, eigar veit det ikkje alltid, og det er ikkje alltid me har fått tak i eigar for å spørje. Me kan i mange tilfelle tenka oss alderen på ting ut frå byggeteknikk og utsjåande, men har valt å holde dei tolkingane vekke frå registreringsskjema. Der me ikkje er sikre er det betre å la det stå ope til nokon som veit kjem med supplerande informasjon. Når me kjenner bruksperioden til dei enkelte kulturminna, blir det likevel meir rimeleg å kome med ei

datering. Det betyr ikkje at ein får det nøyaktige byggeåret, men ein tidsperiode som kulturminnet stammar frå.

Eit døme her kan vera sager. Oppgangssager var i bruk frå 1500-talet fram til slutten av 1800-talet, da sirkelsagene overtok. Ei registrert oppgangssag vil då kunne daterast til 1800-talet eller eldre. Me veit ikkje kor gamal den eigentlig er, men me veit kor ung den er. Ei sirkelsag vil naturleg kunne daterast til 1800-talet viss det ikkje er ei omgjort oppgangssag.

Kulturminne som knytt seg til attåtningar kan ha ei usikker datering, men ein kan sette kulturminnet inn i ein tidsperiode. Ein revegard vil sannsynlegvis stamme frå tida mellom 1920-talet og 1940-talet da dette var perioden man selde sølvrevpels.

I enkelte tilfelle veit me berre ein ca periode noko vart laga. Eit hus kan vere oppgjeve som bygd på 1800-talet utan noko meir spesifisering. Nokon gonger er hus oppgjeve som flytta frå ein annan gard. Da veit me berre at dei er eldre enn flytteåret, men ikkje kor mykje.

Eit anna usikkert moment med hus er at dei kan vere eldre enn det året bruket dei står på vart utskild frå eit anna bruk. Med mindre det står spesifikt at område berre har vore i bruk ein kort periode, er ikkje utskiljing av bruk ein sikker måte å datere bygg på.

Dateringar er altså gjeve der det har vore å finne, enten det er nøyaktige år eller periodar, men tolkingar er altså ikkje teke med.

## **1.5 Kva inneheld rapporten**

Det er viktig å merke seg at denne rapporten ikkje er ei historiebok. Det er ikkje meininga å framstille historia over fleire århundrer på gardane. Dette er allereie utførleg gjort andre stader, aller mest i bygdebøkene for Vaksdal, Modal og Evanger. Målet her er å gje ei kort oversikt over historia til dei ulike kulturminna og ei framstilling av tilstanda deira med den hensikt at informasjonen kan nyttast til å utvikle ei kulturminneplan for kommunen.

**I påfølgjande del** av rapporten vil det gis ei beskriving av alle dei ulike typene kulturminne som er registrerte. Det er i denne delen det vil føreliggje informasjon om kva dei ulike typene er, og kva dei har vore nytta til.

**I del to** av rapporten blir dei ulike registreringane presentert. Her gjevast ei beskriving av kulturminna (for lettare å kunne finne fram til dei seinare), historisk informasjon (om enkeltminnet, ikkje typen kulturminne) og tilstand.

## 2. Kulturminne som ikkje knytt seg direkte til gards- og jordbruk

### 2.1 Arkeologiske kulturminne

Arkeologiske kulturminne er fysiske spor etter menneske i tidlegare tider som er kome fram gjennom utgraving eller anna dokumentasjon. Desse kulturminna utgjer hovudkunnskapen vår om desse samfunna, og korleis våre forfedrar levde og budde.

Døme på denne typen kulturminne er gravhaugar/røyser, busetnadsspor, religiøst prega stader samt vegar m.m. Funn av denne typen har en nasjonal kunnskapsverdi.

### 2.2 Laksegiljer

Laksefisket har ein lang tradisjon i kommunen og dei giljene me ser i dag er ei vidareutvikling av ei lang teknisk historie. Det finst mange namn på utstyret, men lokalt nyttast nemninga *sitjenot*. Den kom i bruk på 1800-talet og har vorte utvikla få kastenota. Sitjenøtene er òg individuelle reiskap som har ein lik basisform, men er tilpassa dei ulike områda dei nyttast (Skre 1987: 221f). Det vil seie at kvar sitjenot som nyttast ved desse giljene er unike. I tillegg til sitjenot nytta fiskarane òg kilenot da den var betre i bruk enkelte stader.



*Laksegilje på Røyrtongen. Foto: Anita Vik*

Sjølve giljene, som er dei små bygningane oppå stillasa, dukka opp etter 1900. Før det hadde dei halde til der oppe utan noko anna beskyttelse mot vær og vind enn ein le-vegg. Sjølve ordet gilje skal bety nettopp eit stillas, og det å gilja er å speide eller halde utkikk (Gammersvik 1984: 101; Skre 1987: 221). Ordet gilje på desse konstruksjonane er altså ikkje avhengig av bygningane.

Laksefisket har vore ei attåttnæring for gardane, men det var i siste del av 1800-talet at salet tok seg opp og ein såg ei auking i talet på sitjenøte. Dette var fordi dei byrja å selje fersk laks på denne tida. Giljene var vanlege langs heile kysten, men spesielt mellom Agder og Trøndelag. På slutten av 1800-talet kom ein nedgong som vedvarte i lang tid. Det førte til at mange giljer ikkje vart nytta lenger, og at dei forfall (Gammersvik 1984: 4ff). Dette er trekonstruksjonar og utan vedlikehald vil dei forsvinne.

I dag er det særst få att, og den største konsentrasjonen finst på Stamnes, i tillegg til at det er nokon andre rundt i kommunen. Heldigvis er desse giljene godt dokumenterte i Ågot Gammersvik si magistergradsavhandling frå 1984 *Laksefiskarane – Teknologisk og økonomisk tilpassing på Stamnes i Nordhordland, 1870-1980*. Dokumentasjon vil alltid vere viktig for å lagra kunnskap, men det aller beste er å ta vare på grunnlaget for kunnskapen. Laksegiljene har ei lang og viktig historie, og med så få av dei att, har dei ein nasjonal kunnskapsverdi.

## **2.3 Bygningar før 1650**

Rundt om i kommunen finst det enkelte bygningar som ein veit er – eller som har rykte på seg for å vere – frå før 1650. Ståande bygningar som daterast til perioden 1537-1649 er automatisk freda etter kulturminnelova si §4. Det vil seie at i dei tilfella av bygningar som er anteke å vere så gamle så må ein få stadfesta det.

## **2.4 Kyrkjer**

Kyrkjer og kyrkjegardar er ein viktig del av kulturhistoria. Ofte er dei sentralt plassert i landskapet og det er gjerne kontinuitet i bruken av desse områda. Det er t.d. ikkje uvanleg med funn av fornminne nær eller på kyrkjestader. Det som er spesielt med kyrkjene i Vaksdal er at eit fåtal av dei står på stader med denne typen brukskontinuitet. Av sju kyrkjestader i kommunen er fem av dei relativt nye. På Stamnes og Flatekvål ser ein bruk av kyrkjestadane langt tilbake i tid, mens dei fem andre kyrkjene står på stader der det ikkje har vore kyrkjer

før. Riktignok ligg Nesheim kyrkje rett ved sida av tre gravhaugar, men det er eit stort gap i tid mellom haugleggingane og bygginga av kyrkja.

Så kva er så spesielt med desse relativt nye kyrkjene? Her må ein sjå på landskapet i kommunen. Før i tida måtte kyrkjereisande fare over fjell og fjordar for å koma seg til kyrkje. Det var langt og til tider farlig, men fare måtte ein – både til dåp og gravlegging m.m. Spesielt frå Bergsdalen er det mange historier om folk som døyde eller nesten døyde for å koma fram. Vegane, som me tar for gitt i dag, var ikkje der. Kyrkja og religion var ein viktig del av folks liv og bebuarane jobba hardt for å få oppført dei ulike kyrkjene rundt om i det som er dagens Vaksdal Kommune.

I tillegg til den kultuhistoriske verdien til kyrkjestadene, har òg kyrkjene ein arkitektonisk verdi noko ein kan sjå i dei litt ulike byggestilane.

## **2.5 Industri/næring**

Kulturminne som knytt seg til industri og næring, er i hovudsak det me kallar nyare tidskulturminne. Det gjer dei ikkje mindre viktig. I Vaksdal Kommune tenkjer ein kanskje først og fremst på Dale Fabrikker og Vaksdal Mølle. Dette er industrielle kulturminne som heilt klart har hatt ein innflytelse på nærområda sine, men det finst òg spor etter andre slike kulturminne rundt om i kommunen. Bygningar som arbeidarbustadar eller andre bygg som knytt seg til desse industrielle kulturminna, vil bli klassifisert som kulturminne tilhøyrande denne gruppa.

## **2.6 Dampbåtrelatert**


Da dampbåtane kom frå kring 1860 og utover endra det sosiale samfunnet seg. Før hadde kyrkjetrappa vore eit viktig samlingsområde, men no tok dampskipa over. Kaia, eller brygga, vart ein slaga magnet i landskapet. Båten stoppa ikkje overalt, men etterlot seg gjerne ein liten busetnad på dei stoppestadene som var. Desse kaiområda vart ein naturleg og sentral samlingsplass i tillegg til å vere landsbygda sin utpost. Tydelege spor etter slike område finst i dag på Stamnes og ute i Eidsland, der kaiområda vitnar om ei tid med mykje handel akkurat der.

## **2.7 Jernbane**

Jernbana kom i 1883 fikk den i stor grad same rolle som dampbåtane. Der toget stoppa, vaks det gjerne opp små busetjingar. Toget førte inn varer og folk, og jernbanestasjonen trakk til

seg folk. Naturleg nok skaut det òg opp ein busetnad rundt stasjonane som vart den nye sentrale plassen. Eit døme på det er Vaksdal kor det var bank, hotell, landhandel og restaurant rett i nærleiken. I motsetning til dampbåten var toget særst dyrt og få såg seg råd til å reise med toget. Likevel førte det med seg ei ny tid til det tidlegare så isolerte området som i dag utgjer Vaksdal Kommune.

Det var mange fleire stoppestader langs jernbana før enn i dag. For Vaksdals del stoppa toget på 1930-talet ved Stavenes, Langhelle, Bogegrend, Vaksdal, Fossmark, Stanghelle, Hellestre, Dale, Dalseid og Verpelstad. På fleire av desse stoppane var det berre haldeplassar, men det gjev oss like fullt ein tanke om kor lang tid togturen tok (Gubberud 1983: 50).



Gamal jernbanetrasé v/ Hana. Foto: G.K.Lund

## 2.8 Veg/sti

Bilkøyring i kommunen byrja for alvor frå 1930-talet, men bil vart først vanleg frå 1960-talet og utover. På denne tida vart reising meir individualisert enn tidlegare da ein reiste kollektivt. Med bil vart folk meir spreidde enn tidlegare – dampen og toget kunne jo berre stoppe ein stad – og butikkar o.l. vart flytta til meir praktiske stader. Vegutbygging har vore særst viktig for kommunen. I dag tar me det for gitt at me kan køyra overalt, men slik har det ikkje alltid vore. Det er strengt tatt kort tid sidan mange av vegane vart opna, og dei eldste bilvegane ber preg av å ha vorte bygd for ein annan mengde trafikk enn den me er vande med i dag. I tillegg til bilvegar, kjem òg vegar som er bygde på grunn av industri og næring.

Bilane og industrien førte til ei endring av landskapet. Før gjekk vegane mellom gardane, eller frå tunet ned til sjøen. No skulle ein fortast mogleg kome seg til byen og andre

sentrale stader. Det gjorde at kysten som alltid hadde vore eit blikkfang, no vart erstatta med eit fokus inn i landet.

## **2.9 Attåtnæringar**

Spesielt frå rundt 1870 og fram til 1950 vart det meir vanleg at bønder, som var å rekne som sjølvstendig næringsdrivande, byrja og ta seg arbeide ved sida av gardsdrifta. Dette gjaldt ikkje heilårsjobbar, men dei kunne jobba når det var behov, for deretter å vende attande til garden. Ofte kunne dei ta seg mindre betalt fordi dei hadde anna inntekt i tillegg, noko som gjorde dei attraktive for ein arbeidsgjevar. For arbeidssøkande byfolk gjorde det saken berre verre. I tillegg til å arbeide andre stader hadde ein del gardar eigne attåtnæringar. Typen attåtnæring kunne variere, men i Vaksdal Kommune er det nokon gjengangarar som er registrerte.

### *Steinbrot*

Det finst fleire steinbrot der stein har vore hogd ut for vidare bearbeiding og sal.

### *Sanduttak*

Sandutaket var i utgangspunktet ei attåtnæring på gardane. På Stamnes og i Straume starta det opp på 1870-talet og andre gardar fylgja på. Etter 1900 vart det derimot meir og meir dominerande som hovudnæring. Sandutaket på Eide gard endra heile landskapsbiletet der inne drastisk.

### *Leiruttak*

Leiruttaket på Stamnes føregjekk mellom 1880 og 1905. Det heile skjedde i regi av Bergen Kommune, men det var grunneigar som tente på det og etter kvart lokale som arbeida der, så det nemnast likevel som ei attåtnæring.

### *Fiske/skjelsanking/reveoppdrett*

*Fiske* var ei viktig attåtnæring, spesielt laksefisket som behandlas under laksegiljene.

*Oskjelssanking* var ei næring som mange nytta seg av. Med eit reiskap kalla ”stikkert” vart skjela reve laus frå havbotn. Det å ”skjøyne” skjela var å bearbeida dei med å opna dei og fjerna innmaten. Det finst naust i kommunen som har ei skjøynebu til nettopp dette arbeidet.

Ein grov etter skjel for vidare sal som lineagn. Denne typen attåtnæring tok til på 1880-talet og forsvann etter 1940 (Fjellheim 1982: 108f).

Ei attåtnæring som var utbreidd i kommunen var *oppdrett av sølvrev* for sal av pelsen. Den var moderne på 1920-talet og gav ei god inntekt. Denne attåtnæringa haldt fram til slutten av 1940-talet då pelsen ikkje var særleg moderne lengjer (Skre 1987: 166ff).

## 2.10 Skule/forsamlingshus

Omgangsskule var vanleg lengje i Noreg, men etter kvart vart ulike område delte inn i eigne skulekrinsar. Ein rekke skulehus har blitt bygd til det formålet, og det finst fleire rundt om i kommunen. Det er nokre fellestrekk som går att i denne typen bygg – rektangulært hus, to etasjar, klasserommet nede, gjerne sløyd oppe, høge vindauge på eine langsida.

## 2.11 Idrett

Opprettinga av idrettslag og det å driva aktivt med sport var noko som vart vanleg da ein fekk meir faste arbeidstider og fritid byrja og bli meir vanleg og regulert. Det har vore aktive idrettslag i kommunen, og nokre har etterlete spor etter seg i form av t.d. hoppbakkar.

## 2.12 Minnesmerke

Ulike minnesmerke er òg registrerte. Det er ein grunn til at desse er satt opp. Dei som gjorde ville gjerne hugse ein person eller ei hending som minnesmerket presenterar – og ikkje minst – dei ville at dei som kjem etter skulle hugsa.

## 2.13 Varderekke

Reg.nr 0000

Veterekkja strekk seg over fleire av dei geografiske sonene, og passar difor ikkje inn i ei enkelt gruppe. Den nemnast difor her i sin heilskap.

Allereie i Gulatingsloven nemnast veteordninga, og dette ser ut til å ha vore halde i hevd mellom 1600- og 1800-talet. Vetane vart nytta til å varsle om krig og fare og mange vart



Varde på Høgafjellet. Foto: Anita Vik

sett i stand på 1800-talet med det som formål. Veten på Høgafjellet skal ha vore ein del av systemet mellom Bergen og Voss, og det gjeld nokre fleire òg. I prinsippet er ikkje dette eit kulturminne som kan avgrensast innanfor ei av sonene for denne registreringa sidan det strekk seg over eit større område, og dei ulike vetane hadde/har ein felles funksjon.

## **2.14 Butikkar**

Butikkar som ligg utafor det som kan kallast allfarveg er registrerte. Dei vitnar om eit samfunn der bebruarane veit dra lasset saman for å kunne ha ei slik næring der. Dette er typiske butikkar for slike små område.

## **2.15 Anna kulturminne**

## **2.16 Kulturmiljø**

Det er registrert nokre kulturmiljø i forbindelse med industriområde og kaiområde i kommunen, da det enkelte stader er kulturminne som har – eller har hatt – eit tydeleg samspel innan eit avgrensa område.

I det følgjande vil kulturminna som er registrerte i desse kategoriane bli presenterte. Dei er sortert etter typar kulturminne.

### 3 Vaksdal (1251/1000)

#### Arkeologiske kulturminne

##### Vaksdal Gnr 14

Bnr 20 m/fl.

*Tveitane/kokegropsfelt*

Reg.nr 1251/1	Askeladden-ID 138093	KF – A 005°45.056' N 60°28.929'
---------------	----------------------	---------------------------------

På Tveitane skal det byggjast barnehage og som eit ledd i planane vart det frå 4. – 29. juni utført ei arkeologisk utgraving på lokaliteten. Det vart avdekka eit kokegropsfelt. Arkeologane fann kring 30 strukturar kor flesteparten var kokegroper i ulik størrelse, nokre uidentifiserte strukturar, samt ei kolgrop. Sistnemnte struktur var over to meter i tverrmål i plan, og ser ut til å ha vore nytta gjennom to bruksfasar. Arkeologane fann kol i gropa av god kvalitet. Det vart ikkje avdekka noko dyrkingsspor på flata, noko som indikerar ein sosial funksjon i forhold til kokegropene. Dette er spesielt fordi det har vore gardsdrift i ulik form i lang tid på både Vaksdal og Jamne. Kokegroper daterast gjerne til eldre jernalder (og eldre).



*T.v. snitta kolgrop. T.h. arkeolog teiknar kokegrop i plan. Foto Guro K Lund*

##### Jamne Gnr 17

Bnr 12

*Kollhaugen*

Reg.nr 1251/1010	Askeladden-ID 25651	B-nummer 4434a-p	KF – A 005°44.407' N 60°28.661'
------------------	---------------------	------------------	---------------------------------

Gravhaug med avrunda form, noko som har gitt den namnet. Den er 15x1 meter i høgde og bredde og noko flat på toppen. Den ligger i Vaksdal sentrum, ca 30 m søraust for Vaksdal Sjukeheim og har fullt utsyn over Sørfjorden. Haugen skal ha hatt spor etter plyndring i form av eit søkk i toppen. Under 2. verdskrig grov tyskarane ned ei skytestilling i den. Det er ikkje kjend noko funn frå Kollhaugen (Fett 1966: 4). Haugen daterast til yngre jernalder og er automatisk freda.

Bnr 90

*Trollkjelshaugen*

Reg.nr 1251/1011	Askeladden-ID 106692
------------------	----------------------

Trollkjelshaugen er i dag vekk og det er bygd hus over området der han sto, noko som er ca 50 meter sørvest for Kollhaugen (Reg.nr 1251/1010). Ved Per Fett si registrering på 1960-talet var haugen ca 15x1,5-2m i høgde og bredde (Fett 1966: 4). Haugen vart fjerna på 1980-talet, men ved ei registrering

i 2007, meiner man at det enno kan vera ein rest igjen av trollkjelshaugen i hagen som tilhøyrrer huset som står på staden. Det skal vera ein del av haugfoten.

Trollkjelshaugen daterast til yngre jernalder og det vart gjort fleire funn i den; brent bein, kol og B-nr 4432a-p; ein egga sverd utan odde, deler av ei saks, 2 bissel, økseblad (Rygh fig. 553), økseblad, brotstykke av eit ein egga sverd, to knivblad, pilspiss, bryne, klebergryte, kljåstein, handteinsnelle, oval spenne, ringspenne og to glasperler (<http://dokpro>). Ein har tolka trollkjelshaugen til å vere ei manns- og kvinnegrav, men funna tydar på at det er snakk om to menn, noko Fett har tolka dit hen at det kan dreie seg om samanblanda funn frå både Trollkjelshaugen og Kollhaugen (Fett 1966: 4).



*Kollhaugen, Vaksdal. Foto: Anita Vik*

## Laksegiljer

### Sandvika Gnr 10

#### Laksegilje

Reg.nr 1251/1037	KF – A 005°41.050' N 60°27.358'
------------------	---------------------------------

På berget er det plassert to giljer som står på pålar. På land står ei laksehytte som fungerer som overnattingsrom. Giljene og laksehytta er i god stand.

### Ytre Boge Gnr 12

#### Laksegilje

Reg.nr 1251/1053	KF – A 005°43.528' N 60°27.285'
------------------	---------------------------------

Gilje som er plassert på pålar som står på berget. Rett bak, på land, står ei laksehytte som har rom for overnatting. Både gilja og laksehytta er i god stand.



*Laksegilje på Kjeneset med laksehytte bak.  
Foto: Anita Vik*

## Kyrkjer

### *Vaksdal Kyrkje*

Reg.nr 1251/1056	Askeladden ID 85740	KF – A 005°44.638' N 60°28.482'
------------------	---------------------	---------------------------------

Vaksdal Kyrkje er ei langkyrkje bygd opp av fuga naturstein med inntrekt tårn. Den vart innvigd 7. april 1933. Kyrkja har våpenhus, sakristi og eit tilbygg. Da kyrkja kom i bruk vart Vaksdal skilt frå Bruvik som eige sokn (Hoff 2008). Kyrkja ligg søraust for Vaksdal sentrum på ein open stad opp mot skogen. Her er det fullt utsyn mot Sørfjorden. Stilen på kyrkja er prega av tolkinga ein gjorde seg av mellomalderens byggestil på 1900-talet, og den er òg inspirert av barokken. Kyrkja er godt bevart både inn- og utvendig.

### *Vaksdal Kyrkjegard*

Reg.nr 1251/1020	KF – A 005°45.120' N 60°28.861'
------------------	---------------------------------

Kyrkjegarden, som ligg på Tveitane, vart teken i bruk i 1910. Den eldste delen er inngjerda av ein steinmur. Den fyrste utvidinga gjekk mot nord slik at steinmuren der no er borte. Utvidinga mot aust, som skjedde seinare, etterlot steinmuren, men med opning for gjennomgang. På sørsida, langs vegen, er det ein nyare steinmur. I vestmuren står eit kvitt klokketårn, bygd opp i bindingsverk. Klokketårnet har ein boga opning for gjennomgang (Hoff 2008).



*Vaksdal Kyrkje. Foto: Anne Marta Hoff. NIKU. 2008*

## Industri/næring

### Indre Boge Gnr 13

#### *Boge Mølle Bnr 62*

Boge mølle var grunnlagt i 1891, same året som vassrettane til Bogeelva vart kjøpt av Hans Peder Nilsen. Det gav arbeid til bebuarane på Boge som i hovudsak var dei som arbeida der. Mølla vart ramma av brann i 1904, men vart oppattbygd. Det føregjekk eit eigarskifte i 1912 då M.G.Risøen tok over mølla. Etter dette var den i drift fram til 1960 da den brann på ny (Skre 1981: 438). I dag står lite att etter mølla som ga 20 arbeidsplassar til bebuarane i området.

#### *Pakkhuset*

Reg.nr 1251/1043	KF – A 005°44.458' N 60°27.877'
------------------	---------------------------------

Like ved sjøen står eit fire etasjar høgt murhus. Pakkhuset var brukt som eit lagerbygg og er den einaste attståande bygningen på mølletomta. Den er i god stand og er delvis i bruk som bustad.

#### *Siloane*

Reg.nr 1251/1044	SEFRAK-ID 1251/102/009	KF – A 005°44.450' N 60°27.861'
------------------	------------------------	---------------------------------

Restane etter siloane til Mølla står att nede ved sjøen. Siloane vart reve ned på 1970-tallet. No står berre bygningsrestane med spor etter silotankane på toppen. Det ligg mykje skrot inni.

### Vaksdal Gnr 14

På Vaksdal er det registrert eit kulturmiljø i form av industriområdet som oppsto i tida etter at Vaksdal Mølle vart stifta. Her er sjølve mølla, men òg diverse bygningar som historisk sett knytt seg til den.

#### *Vaksdal Mølle*

Reg.nr 1251/1003	KF - A 005°44.283' N 60°28.576'
------------------	---------------------------------

Mølla ligg på både Gnr 14 og 17, høvesvis Vaksdal og Jamne. Mølla ber namnet etter Vaksdalgarden og først difor under Vaksdal.

Gerdt H. Meyer fikk i 1866 ein arvefestekontrakt som gav ham rett til å nytte eit større område nede ved sjøen på både Vaksdalgarden og Jamnegarden. Dette gjaldt området frå elvemunningen til nordre Vaksdalneset bort til elva til Sandviksneset på Jamne (Lorentzen 1966: 130). I tillegg hadde Meyer òg m.a. sikra seg bruksretten på Vaksdalselva (Lorentzen 1966: 132). Mølla vart satt i gang i 1871. Fram til da hadde det vore arbeid til lokale arbeidarar med bygingsarbeidet. Mellom anna hadde dei sprengt ut store delar av mølletomta. Massane vart lagt i elva noe som gjorde at den gjekk frå eit sydleg utløp til eit vestleg eit (Lorentzen 1966: 135). Da dei starta opp produksjonen hadde dei eit program på 3000 tonn mel i året, men dette fortsatte å auke og tidlig på 1900-talet var Vaksdal Mølle det største Møllebruket i Skandinavia (Lorentzen 1966: 163).

Mølla har vore utsett for brannar i løpet av si historie. Det skjedde i 1890 og 1899. Arbeidarane vart satt til oppbyggingsarbeidet. I 1901 skjedde ein mindre brann, og også den gongen vart det oppbygging att (Lorentzen 1966: 152, 161f).

Då Gerdt H. Meyer døde i 1897 tok sonen Rasmus Meyer over drifta og han haldt fram til 1916. Etter hans død gjekk mølla ut av slekta og dei nye eigarane leigde mølla til staten (Lorentzen 1966: 193f). I 1919 kjøpte Staten Vaksdal Mølle som ein del av behovet for å halde kontroll på mølledrifta i Noreg. I 1927 hamna mølla under Landbruksdepartementet (<http://NSD.uib.no>)

Opphavleg låg mølla ved bøndenes handelsvegar samt at den var nært knytt til sjøvegen. Jernbana vart opna i 1883 låg alt enno betre til for bedrifta. Med mølla som ga arbeid til lokale



Vaksdal Mølle. Foto: Sveinung Klyve

bebuarar samt folk som kom til, og jernbana, begynte så smått ein ny busetnad å dukke opp på Vaksdal. Området rundt stasjonen vart eit møtepunkt kor det dukka opp bedrifter. Over tid har det utvikla seg til den tettstaden me ser i dag, kor det er få spor igjen av dei opphavlige gardane, men kor me enno kan sjå tydelege spor etter den tidligaste industristaden. Vaksdal Mølle har difor, saman med jernbana, har stor innflytelse på utviklinga i områda til dei gamle Vaksdal- og Jamnegardane.

#### *Arbeidarbustadane*

Etter at mølla vart satt i drift byrja så smått industristaden å ta form. Arbeidarar som kom utanfrå skaffa seg tak over hovudet anten ved å bygsle jord frå bøndene og bygge hus sjølv, eller ved å bu i arbeidarbustadane der dei disponerte eit rom og delte kjøkken med naboane (Lorentzen 1966: 140). Det står enno att fleire slike arbeidarbustadar i Vaksdal.

#### Bnr 378

##### *Møllestyrarens Villa*

Reg.nr 1251/1009	KF – A 005°44.263' N 60°28.445'
------------------	---------------------------------

I Parken i Vaksdal står det eit kvitt rektangulært hus med mansardtak og altan. Dette er villaen som vart bygd som bustad for møllestyraren. Huset vart teikna av arkitekt Fischer og vart bygd mellom 1900-1910 (Lorentzen 1966: 170). Villaen eigast av Vaksdal Mølle, og er i god stand.

#### Bnr 379

##### *Funksjonærbustadar*

Reg.nr 1251/1014	KF – A 005°44.301' N 60°28.501'
------------------	---------------------------------

Den lokale nemninga på huset er Borgi, og det ligg i Parken i Vaksdal på høgda eit stykke bak styrarbustaden. Det er eit rektangulært raudt hus med valmtak, og det er ein tomannsbustad som er symmetrisk utforma. Huset vart bygd i 1921 og fungerte som bustad for funksjonærane ved Vaksdal Mølle.

#### Bnr 356, 366

##### *Arbeidarbustadar I*

Reg.nr 1251/1017	KF – A 005°44.413' N 60°28.515'
------------------	---------------------------------

Husa i Trollkjelsvegen nr 20 og 22 vart opphavleg bygd som arbeidarbustadar. Det er to kvite hus med skiferheller på taket som, forutan ulik blåfarge ved inngangspartia, er identiske. Byggeåret er 1921. Begge husa er i bruk og i god stand. Koordinatane er plotta inn ved nr 20.

#### Bnr 378

##### *Synken*

Reg.nr 1251/1006	KF – A 005°44.369' N 60°28.536'
------------------	---------------------------------

Synken er ei velkjend bygning på Vaksdal, ei stor gul trebygning på ein ark oppe på taket. Den vart bygd i 1903-04 som arbeidarbustad, ei av dei større bygningane som vart bygd av mølla på denne tida. Der inne budde det fem familiar samstundes, og ei tid budde det så mye som 13 personar oppe på loftet. Huset er godt vedlikehalde.

#### Bnr 369, 370

##### *Arbeidarbustader II*

Reg.nr 1251/1016	KF – A 005°44.461' N 60°28.519'
------------------	---------------------------------

Like ved Vaksdal Skule står to små kvite hus med skiferheller på taket. Dei var opphavleg arbeidarbustadar som vart bygde på 1920-talet (Lorentzen 1966: 223). I dag er dei i bruk som bustadhus, og dei er i god stand. Opphavleg var det òg fire hus (sjå bilete – Lorentzen 1966: 223).

## Jernbane

### Hana, Stavenes, Gnr 8 og 9

#### *Gamal jernbanetrasé*

Reg.nr 1251/1028	KF – A 005°39.622' N 60°27.653'
------------------	---------------------------------

Den gamle traseen går frå Stavenes (Gnr 9) via Hana og ut til Skoltane. Det er ein grusveg med tunellar og bruer. Traseen var del av Vossebanen da den vart opna i 1880-åra. På Stavenes vart ein haldeplass opna i 1920, og nedlagd i 1971 (Gubberud 1983: 50). Jernbanetraseen vart brukt av bebuarane i området til å gå på då dei ikkje hadde nokon annan veg. M.a. fungerte den som skuleveg, og borna måtte bli fylgt til skulen. Dei kunne rutene godt og var vande til å høyre etter lydar frå tog.

På 1970-talet gjekk denne delen av traseen ut av bruk og Jernbaneverket frigjorde området. Dei fjerna skinnene og bebuarane i området laga sjølve til vegen. Etter denne tida har den vore i bruk som ferdselsveg mellom Hana og Stavenes. (Koordinatane er plotta inn midt mellom dei to gardane.)

### Jamne Gnr 17

#### *Vaksdal jernbanestasjon*

Reg.nr 1251/1004	SEFRAK-ID 1251/104/003	KF – A 005°44.089' N 60°28.728'
------------------	------------------------	---------------------------------

Tradisjonell gul stasjonsbygning som vart satt opp til opninga av Vossebanen i 1883. Stasjonen på Vaksdal var ein krysningsstasjon og den vart difor litt større enn andre stasjonar (Gubberud 1983: 48). Da toga måtte fylle på vatn til dampkjelane her vart det ein lengre stopp i trafikken enn elles, og det var restaurant på stasjonen for passasjerane. Det skal òg ha vore bakeri i kjellaren på eit tidspunkt. I den tidlegaste tida til Vossebanen var det òg eit hotell (1251/1013) rett bak stasjonen. Restauranten vart stengt etter 2. verdskrig. Stasjonsbygningen har vore gjennom nokre påbyggingar. Det kom eit påbygg i sørenden i 1909 og ein ark på taket i 1940.

Stasjonen er enno i bruk. Her stansar Bergensbanens fjerntog i tillegg til lokaltoga (<http://jernbaneverket.no>)

I tillegg til Jernbanestasjonen er det registrert nokre hus som tidlegare hadde andre funksjoner. Det vaks opp små bedrifter rundt stasjonen som vart ein sentral plass.

### Jamne Gnr 17

#### Bnr 10

#### *Hus/Hotell*

Reg.nr 1251/1013	SEFRAK-ID 1251/104/001	KF – A 005°44.073' N 60°28.708'
------------------	------------------------	---------------------------------

Kvitt hus med skiferheller på taket som ligg rett nedanfor jernbanestasjonen. Bruket vart skilt ut frå Bnr 7 i 1880 (Skre 1981: 709). Huset vart opphavleg bygd som hotell og skal finnast på eit bilete frå 1885. Det vart seld i 1887 og hotellet vart då nedlagt. Etterpå har det vore landhandel, skomakar, bank og bakeri der inne. Huset har og vore gjennom endringar som følgje av ein brann i 1894 og ei ombygging i 1901. Hotellet og dei andre småbedriftene i huset kan knyttes til jernbana og stasjonen som var eit knutepunkt for folk. Huset er enno i bruk, men no som bustad.

## Bnr 114

### *Bustadhus/telegraf*

Reg.nr 1251/1019	KF – A 005°44.305' N 60°28.647'
------------------	---------------------------------

Adr: Trollkjelsvegen 3. Kvitt hus med skiferheller og ark på taket. Der inne har det vore telegraf og skreddar, samt ein brusfabrikk; Vaksdal Mineralvandfabrikk. Huset brukas i dag som bustad.

## Bnr 109

### *Nybanken*

Reg.nr 1251/1005	KF – A 005°44.102' N 60°28.759'
------------------	---------------------------------

Huset står i Vaksdal sentrum like ved jernbanestasjonen (adr: Bryllaupshaugen 3). Det er eit grått murbygg med ein ark på taket samt ein karnapp (med to søyler under). Huset er i bruk og i god stand. Bruvik Sparebank vart oppretta i 1903 og hadde frå 1910 hovudsete sitt på Vaksdal (Lorentzen 1966: 212). Nybanken vart bygd på 1930-talet da den gamle banken (Mynthaugen) vart seld. Banken fekk også filialar på Dale og ute i Stamnes rundt denne tida (Lorentzen 1966: 222).

## **Attåtninger**

### **Hana Gnr 8**

#### Bnr 1

### *Klebersteinsbrot*

Reg.nr 1251/1029	Askeladden- ID 143987	KF – A 005°38.958' N 60°27.486
------------------	-----------------------	--------------------------------

Datering på klebersteinsbrotet er usikker, men det nemnast i eit skøyte på garden i 1893 (Skre 1981: 334). Det skal ha vore aktivitet der i mellomalderen, mellom 1100 og 1300, og så har det lege aude til det vart tatt opp att seint på 1800-talet. Steinbrotet ligg i eit nokså ulendt terreng. Skogen har grodd att rundt det og steinen er mosegrodd og til dels litt utrygg å gå på. Man må følgje ein gamal sti opp i skogen like ovanfor ein bustad kalla Seiasteinen, Bnr 3. Det har gått nokre ras etter at man slutta å bruke steinbrotet, men forutan dette samt attgroinga er det intakt slik det vart forlatt.

Klebersteinen som vart teke ut vart brukt til forskjellig. Det var mykje produksjon av fiskesøkkjer. Disse var bestilt av firmaet Rieber & Co for bruk i Nordsjøen. Steinen vart teke ut og bearbeida til riktig størrelse i



*Berit Hana står i verkstaden. Foto: Guro K Lund*

”verkstaden”, eit tørt område under ei steinhelle. Deretter vart steinen bære ned til jernbana (i dag ein grusveg). Der vart sjølve fiskesøkkjene hogd ut og forma. Borna var med på å bere steinen ned frå steinbrotet, gjerne fleire gonger om dagen.

Dei leverte òg kleberstein til anna formål og man kan derfor finna kleberstein frå Hana i fundamentet til Holbergstatuen i Bergen og i Børsbygninga. Det same gjeld for Geijermonumentet i Uppsala (Skre 1981: 334).

Steinbrotet vart nedlagt i 1947. Det er automatisk freda etter kulturminneloven med ei sikringssone på fem meter.

## Langhelle Gnr 11

### *Kalkgruve*

Reg.nr 1251/1077

På 1920-talet vart det drive på med kalkutvinning på Langhelle. Kalkgrotta som kallast Glomhola viser i dag spor etter uttaket. Ein kan krype ca 20 meter inn i hola. Utafor skal de vere restar etter taubane og skinnegangar som gjekk opp til kalkgruva (Klyve 2007: 59).



*Inni kalkgruva. Foto: Sveinung Klyve*

## Skreien (gnr 18)

### *Steinbrot*

Reg.nr 1251/1001

Steinbrotet ligg i utmarka til garden, like ved E16. Like i svingen reiser det seg ein høg og glatt bergvegg kor man ser spor etter steinuttak. Steinbrotet var i drift på 1900-talet og man sendte steinen til Bergen via jernbana. Fleire bygningar i Bergen er bygd med gneis frå Skreien m.a. jernbanestasjonen, biblioteket og Vestlandske Kunstindustrimuseum Permanenten (Skre 1981: 742). Drifta vart avslutta fordi steinuttaket var ein fare for jernbanetunellen som går like ved. I dag er området rundt steinbrotet attgrodd med skog og sjølve bergveggen er prega av tagging.

## Idrett

### Sedalen Gnr 16

Bnr 9/12 (Synnsvold)

### *Hoppbakke I*

Reg.nr 1251/1024 | KF – A 005°45.990' N 60°28.989'

Den største skibakken i Sedalen var kalla Synsvollbakken og det var ein svær og sær bratt bakke (Søvik 1990: 128), noko ein òg kan sjå i dag. Bakken ligg godt gjømt oppi skogen på Bnr 9. Den var bygd opp av stein og ein kan i dag sjå sjølve hoppet og unnarennet. Alt var bygd i stein. Den må likevel sjåast på som ein ruin. Noko har falt saman, og steinen er overgrodd av mose. Sjølve området er attgrodd av skog. Ei målesnor har blitt funne att nedanfor bakken og hengt opp der nede. På ein liten metallbit står det ”22”.

Hoppbakken høyrer til i Vaksdals lange idrettshistorie, og hoppSPORT har vore viktig her. Når det gjeld datering ser i alle fall bakken ut til å ha vore i bruk etter 1925 (Søvik 1990: 129f).

### *Hoppbakke II*

Reg.nr 1251/1023	KF – A 005°45.950' N 60°29.037'
------------------	---------------------------------

Like ved eit nyare bustadhus på Bnr 9 ligg ein hoppbakke. Denne er bygd i ein mindre skala enn Synsvollbakken som ligg i skogen ikkje langt unna. Sjølve hoppet er bygd i stein og det er intakt. Området ovanfor er attgrodd av skog, og nedanfor hoppet er det mykje tuer på bakken.

Hoppbakken kan nok knyttes til Synsvollbakken like ved som var ein sær bratt hoppbakke. At den mindre hoppbakken har vore brukt til yngre aldersklassar er ikkje usannsynleg, slik dei gjorde i dei ulike hoppbakkane (Søvik 1990). Det er òg sannsynleg at det er snakk og same datering som Synsvollbakken, altså etter 1925, i alle fall tidleg på 1900-talet, da hoppporten var utbredt i kommunen.



*Oppmura del av hoppbakke I. Foto: Anita Vik*

## **Minnesmerke**

### **Stavenes Gnr 9**

Bnr 50

#### *Minnesmerke*

Reg.nr 1251/1027	KF – A 005°39.906' N 69°27.681'
------------------	---------------------------------

Ved vegen til Stavenes står det ein bautastein i eine svingen. Den vart reist som minnesmerke etter 2. Verdenskrig. Steinen er kvadratisk forma og teksten som er rissa inn lyder: ”Folket i Stavenes krins reiste steinen – 1946”.

## Vaksdal Gnr 14 Bnr 378

### *Minnesmerke*

Reg.nr 1251/1008	KF – A 005°44.304' N 60°28.427'
------------------	---------------------------------

I Parken i Vaksdal sentrum i det som kallast industriområdet står det reist ein bautastein til minne over Gerdt H. Meyer som grunnla Vaksdal Mølle. Det er ein rektangulær stein med relieff av Meyer og med namnet hans innskore. Bautaen vart avduka i 1966 – jubileumsåret til Vaksdal Mølle.

## Anna kulturminne

### Herfindalen Gnr 15

#### *Utgravne Hauger*

Reg.nr 1251/1060	KF – A 005°52.918' N 60°30.641'
------------------	---------------------------------

Da Vaksdal Mølle bygde demningar i 1890-åra var det arbeidarar som brukte fritida på å grave ut nokre haugar som dei trudde var gravhaugar. Her låg nok segna om slaget ved Herfangen til grunn. Dei fann derimot ikkje noko gjenstandar eller anna som tyda på at det var gravhaugar. Spora etter gravinga deira er enno godt synlege.



*Utgraven haug. Ein ser tydeleg spor etter gravinga midt på haugen. Foto: Anita Vik*

## 4 Stanghelle (1251/2000)

### Arkeologiske kulturminne

#### Stanghelle Gnr 20

##### *Heller I*

Reg.nr 1251/2012	Askeladden-ID 60479	KF – A 005°43.902' N 60°32.859'
------------------	---------------------	---------------------------------

Ca 75 meter SSV for stasjonsbygningen på Stanghelle (1251/2014), rett attmed jernbanesporet. Helleren kan sjås i form av eit utoverhengande berg i ulik høgde som strekk seg over ei flate. Sjølve flata i bakken ser uskadd ut, men det er mykje skrot liggjande rundt omkring. Det er noko sot å sjå i nordre vegg og elles mykje jernskrap. Det er sju meter ut til dråpefallet og elles 20-25 meter bredde på flata. Helleren er ikkje arkeologisk utgrove, men det vart gjort to prøvestikk i 1956 av Egil Bakka. Det vart påvist kulturlag, men ikkje gjort noko funn.

Flata i Helleren ligg 10,5 m.o.h. mens flata i Skipshelleren på Straume til samanlikning ligg 20 meter over havet. Det tyder på at helleren på Stanghelle har vore busett seinare (Skre 1987: 42). I Askeladden oppgjes den som datert til jernalder. Helleren er automatisk freda og har ei sikringssone på fem meter.



*Heller I. Stien går rett fram Foto: Guro K Lund*

## *Heller II*

Reg.nr 2013

Sjøelve helleren på Stanghelle ser ut til å vere lengre enn flata i Heller I. Bergoverhenget strekk seg lengjer mot NNØ, men området innanfor dråpefallet er derimot ikkje like djupt. Her går ein sti og det må vere stien som Per Fett nemnar (Fett 1966: 5). Stien fortsett bort til det som ser ut som tre små fordjupingar i berget (eller hellerar). Desse er kalla Heller II a, b, og c.

a – denne litle helleren ligg i nordre delen. Her er mykje nedrasa stein og anna skrot, og det er ca 2-3 meter ut til dråpefallet.

b – ligg i midten av dei tre. Denne er òg lettast tilgjengeleg av dei tre. Det er ca 1,5-2 meter ut til dråpefallet og rett framfor den ligg det restar etter ein grunnmur og eit tregolv.

c – ligg i den sydlege delen. Det er den minste av dei tre og den er omgjeve av kratt og trær like inntil dråpefallet. Den er ca 1,5 – 2 meter djup.

Dette området ligg 30-40 meter SSV for stasjonsbygningen på Stanghelle. Stien som kjem frå Heller I går forbi Heller II og fortsett i retning NNØ.

Dette området er ikkje registrert tidlegare og det er uvisst kva det har vore nytta som. Jernbana går rett nedanfor og når ein tar med spora etter moderne aktivitet er det ikkje urimeleg å knytte det til arbeid langs jernbana (ev. riksvegen som òg går rett ved sida av). Området registrerast altså førebels som eit nyare tids kulturminne.

## Bnr 6

### *Tettaneset*

Reg.nr 1251/2047	Askeladden-ID 35553	KF – A 005°43.471' N 60°33.430'
------------------	---------------------	---------------------------------

På Tettaneset, vest for Stanghelle, er det eit gravrøysfelt. Det vart registrert av Fylkeskommunen i desember 2007. Det kom fram heile 15 strukturar, noko meir enn det som var kjend frå før. Av desse var det ni gravrøyser og fem kolførekomstar. Kolførekomstane fann dei ikkje ut kva eigentleg var og dei vart klassifisert som ”voll og grop med kollag” da dei opplagd ikkje var kokegropar eller branngraver (Linge 2007: 19). Området er beskrive som ”et helt unikt fornminneområde.” Det er automatisk freda etter Kulturminneloven og området har ei sikringssone på fem meter.

I Follavika, ikkje langt frå Tettaneset. Ligg det som skal vere rester etter ei bolverkskai.

## **Helle Gnr 21**

### Bnr 2 (Erikane)

#### *Flatmarksgrav/mogleg gravhaug*

Reg.nr 1251/2036

Graven skal ha ligge på Tongabakken mellom Tongaåi og gardsvegen, og da på vestsida av veggen, ca 20-30 meter frå sørenden på Tongen på kanten mot elva i nordvest. Det er usikkert om det er snakk om ei flatmarksgrav eller ein haug der. Teorien er at det kan ha vore ein haug på 10x1 meter i høgde og bredde. Her skal det ha vore kol i botn (Fett 1966: 5). Det har vore gjenstandsfunn; B-nr 5958a-b – ein spydspiss og ei smal tjukk øks (sjå Rygh fig. 556). Grava daterast til yngre jernalder (<http://dokpro>). I dag er ikkje noko å sjå anten det var haug eller ikkje. Koordinatar er difor ikkje plotta inn. Det er teke eit bilete av området gravminne skal ha vore.

## Kyrkjjer

### Stanghelle Gnr 20

Bnr 9, 491

*Kyrkjegard med klokketårn*

Reg.nr 1251/2015	KF – A 005°44.072' N 60°32.964'
------------------	---------------------------------

Like ved jernbanestasjonen ligg kyrkjegarden på Stanghelle. Den er ein hjelpekyrkjegard som vart vigsla i 1883. Det er ein velhaldt gravplass med eit lite kvitt klokketårn som det ser ut som om det oppbevarast utstyr i.

## Industri/næring

### Fossmark Gnr 19

Bnr 6

*Den Vestlandske Træsko og Trævarefabrik*

Reg.nr 1251/2026	KF – A 005°43.432' N 60°31.289'
------------------	---------------------------------

Nede ved vatnet på Bnr 6 står eit raudt hus med eit tilhøyrande blokkhus rett bak. Fabrikbygningen vart bygd i 1918. Da vart tomta skilt ut frå Bnr 5 og det heile inkluderte m.a. bruksrett på vegar, sjøen samt rett til å leggje vassleidningar (Skre 1974: 101). Tresko var ein mykje brukt skotype, spesielt på gardar. Mellom 1940 og 1950 var treskoa ein veldig viktig handelsvare då vanleg skotøy vart rasjonert (Skre 1987: 163). Fabrikken var i drift til 1950 då den vart nedlagt. Det var som regel 3-5 arbeidarar der. Blokkhuset som står rett bak fabrikkbygningen vart brukt til å tørke tresko i på eit lite sprinkelloft. Opphavleg gjekk det ei lita bru frå øvreetasjen i fabrikk over til blokkhuset. Det har òg vore tørka kjøt der inne.

Etter at treskofabrikken vart nedlagde har huset vore brukt som fritidsbustad. Huset er i god stand og ber i dag preg av å vere ein fritidsbustad. Det er godt vedlikehalde. Enno kan ein ut mot sjøsida sjå ein krok hengjande, den vart brukt til å heise last opp frå båtar.

## Jernbane

### Fossmark Gnr 19

*Gamal jernbanetrasé*

Reg.nr 1251/2030	KF – A 005°43.505' N 60°31.145'
------------------	---------------------------------

Gjennom Bnr 1 og Bnr 5 går ein del av den gamle jernbanetraseen frå 1880-talet. Frå 1936 hadde jernbana òg ein haldeplass på Fossmark (Gubberud 1983: 50). Ved utbygging av jernbana på 1970-talet gjekk ein vekk frå å nytta denne traseen. Bebuarane på garden har sidan nytta den som sti og grusveg. Den går like ved dagens jernbanetrasé.

### Stanghelle Gnr 20

*Stanghelle Jernbanestasjon*

Reg.nr 1251/2014	SEFRAK-ID 1251/203/054	KF – A 005°43.988' N 60°32.938'
------------------	------------------------	---------------------------------

Tradisjonell gul stasjonsbygning der ein kan sjå eit tydeleg skilje mellom ny og gamal del. Stasjonsbygget vart bygd i 1882/83 og sto klart når Vossebana opna i 1883. Venterommet vart påbygd seinare, men det er usikkert når. Stasjonen er enno i bruk og i god stand. (SEFRAK-registeret oppgjev Bnr 2, mens matrikkelen oppgjev Bnr 377)

## Bnr 48

### *Jernbanebru (nordre)*

Reg.nr 1251/2021	KF – A 005°44.316' N 60°33.241'
------------------	---------------------------------

11. april 1940 vart den nordre jernbanebrua på Stanghelle sprengt for å hindre tyskarane sin frammarsj. Dette viste seg å vere noko forhasta og ei provisorisk bru vart bygd opp slik at ein kunne frakta mel frå Vaksdal Mølle (1251/1003) til Voss. Nokre dagar seinare vart den nye brua sprengt, og kampane på Vossebana tok til i midten av april (Gubberud 1983: 111). Dagens bru vart bygd i 1940.

## **Helle Gnr 21**

### *Togtunellsteinen*

Reg.nr 1251/2046	KF – A 005°45.523' N 60°34.196'
------------------	---------------------------------

Langs jernbana, mellom Helle og Dale, går ein tunell gjennom ei steinblokk som ein gong har rasa ned frå fjellet. Oppå den ligg nokre steinheller som har funne vegen ned seinare. Då dei bygde Vossebana i 1880-åra hogg dei like godt ut ein tunell gjennom steinen, noko som gjorde den til den einaste tunellsteinen i Noreg (Lien 2004: 17f).



Tunellsteinen. Foto: Guro K Lund

## Dampbåtrelatert

### Fossmark Gnr 19

#### Bnr 5

##### *Dampskipskai*

Reg.nr 1251/2034	KF – A 005°43.439' N 60°31.238'
------------------	---------------------------------

Kaia er bygd av store steinblokker og den ser ut til å vera i god stand. Den vart brukt som dampskipskai når 'Dampen' gikk på Sørfjorden. Kaia skal vere bygd på 1920-talet. (Ligger like ved Naust II 1251/2029)

## Veg/sti

### Helle Gnr 21

#### *Hellestraumen Bru*

Reg.nr 1251/2011	KF – A 005°45.031' N 60°33.704'
------------------	---------------------------------

Fram til 1927 gikk det ferje over Hellestraumen (Skre 1974: 148). I 1927 vart Hellestraumsbrua bygd og ferja lagt ned. Brua har brudekke av tre og brukar i den eine enden. I motsatt ende består fundamentet av ein kraftig steinmur. Brua er ein del av den gamle vegen som går mellom Dale og Steinhelle (Jf. 1251/3013).

## 5 Dale (1251/3000)

## Arkeologiske kulturminne

### Dale Gnr 22

#### *Busettingsspor*

Reg.nr 1251/3016	Askeladden-ID 141319	KF – A 005°47.719' N 60°34.853'
------------------	----------------------	---------------------------------

I 1990 vart det utgrave eit område på 1200 m<sup>2</sup> på det som skal vere den gamle Dalegarden. Der vart det avdekkja rundt 133 strukturar; ein holveg, 64 kolgroper, 7 groper, 61 stolpehol, jernførekomstar og brent leire. Av stolpehola sto 56 på rad, noko som vart tolka som ein del av ein trepalisade. Utgravingsfeltet låg på området kalla Storåkeren. Funna har blitt datert til jernalder og området er freda med ei sikringssone på 5 meter. I dag er utgravingsområdet overgrodd av kratt og nyskog. (Det var ikkje mogleg å få tilgang til nokon utgravingsrapport. I fylgje tilsette ved Kultur- og idrettsavdelinga hos Fylkeskommunen finst det ikkje nokon rapport.)

## Kyrkjer

#### *Dale Kyrkje*

Reg.nr 1251/3036	Askeladden-ID 84016	KF – A 005°49.434' N 60°35.414'
------------------	---------------------	---------------------------------

Dale Kyrkje sto ferdig og vart vigsla i 1956. Den vart bygd etter eit ynskje i lokalmiljøet om ei større og meir høgtideleg kyrkje enn kapellkyrkja som sto frå før. Nykyrkja vart teikna av arkitekt Arnstein Arneberg som leverte teikningane i 1947, og den vart bygd på ei tomt som vart foræra av Dale Fabrikker (KD 1996: 31ff). Kyrkja er mura i armert betong. Den er ei langkyrkje med inngang i eit inntrekk kyrkjetårn. Det finst våpenhus, sakristi og dåpsventerom i kyrkja og det er òg eit tverrgående

galleri kor orgelet (3037) er plassert. Kyrkjeromma er dominerte av ein spissboge som går att i koret og i vindauga (Hoff 2008).

*Gamlekyrkja (Askeladden ID 84015)* var ei kapellkyrkje som i utgangspunktet skulle vere eit bedehus. Den vart bygd i 1896 og på denne tida hadde fabrikkane byrja å sette sitt preg på Dale som var ein veksande industristad. Det vart bestemt å bygge ei kyrkje i staden for eit bedehus og kyrkja som stå på Fagerhaugen var i brukt fram til den større nykyrkja kom i 1956 og den gamle vart nedriven.


#### *Dale Kyrkjegard*

Kyrkjegarden på Dale vart vigsla 23. november 1907 og har sidan vore utvida i 1927, 1966 og 1987 (KD 1996: 12f). Den eldste delen ligg på ein høgde der det står eit kvitt klokketårn. Den eldste delen har tofløya smijernsport, mens den nye delen har enklare smijernsportar. Det går ein sti frå klokketårnet ned til den nyare delen av kyrkjegarden (Hoff 2008).

#### *Orgel*

Reg.nr 1251/3037

Orgelet i Dale Kyrkje er frå 1956. Det vart levert av Norsk Orgel- Harmoniumfabrikk A/S. Orgelet har 36 stemmer, 45 register, elektrisk spelebord med tre manualar og 2500 piper (KD 1996: 59). Orgelet er eit av få instrument som enno finst att av denne typen. Det er i ganske god stand og enno i bruk. Orgelet står på Riksantikvaren si verneplan for verneverdige orgel.



*Orgelet i Dale Kyrkje. Foto: Anne Marta Hoff. NIKU. 2008*

## Industri/næring

På Dale er det registrert kulturmiljø i forbindelse med stiftinga av fabrikkane og miljøet som vaks fram etter dette.

### Dale Fabrikker

Reg.nr 1251/3038	KF – A 005°49.423' N 60°35.358'
------------------	---------------------------------

Planane med fabrikkane kom i gong tidleg på 1870-talet og alt i 1873/74 vart vassrettigheter sikra i Bergsdalen og tomtar oppkjøpt. Det hadde ikkje vore utskifting på Dalegarden, men med Jepsens oppkjøp av tomter frå ulike bruk, hadde han kjøpt seg ein andel av garden. Slik kunne han krevje utskifting (Lorentzen 1960: 47ff).

Sjølve byggjearbeidet tok til i 1878 og trikotasjefabrikkane kom i drift i 1879. Sidan den gong har fabrikkane vorte påbygde og utvida fleire gonger.

Fabrikkane har òg vore gjennom fleire brannar, m.a. i 1880 og 1907, som var så omfattande at dei totalskadde bygga. Fabrikkane har i tillegg overlevd konkurs og økonomiske krisar i verdssamfunnet (Lien 2004: 284f).

Lokalsamfunnet har likevel vore ein absolutt viktig faktor sidan før Konsul Jepsen grunnla fabrikkane. Det var frå grunneigarane han fekk kjøpt tomter, og fabrikkane ga arbeid til lokale folk. Folk utanfrå kom òg flyttande til Dale og folketalet skaut i vêret etter oppstarten. Til eksempel kan det nemnast at Bruvik Kommune hadde 2217 innbyggjarar i 1875. I 1883 var det ca 1000 innbyggjarar på Dale og i 1900 var det 1332, av dei var 600 tilsett i fabrikkane (Lien 2004: 284). Dale Fabrikker hadde stor innflytelse på det sosiale liv i industristaden utan at dette var sjølvst. Bygningar som arbeidarbustadane, forsamlingshuset og Dalehallen er døme på dette. Dei var bygde anten av eller med støtte frå fabrikkane. Med denne bedrifta og tilflyttinga skaut industristaden opp og har sidan utvikla seg til det Dale me kjenner i dag.

Tekstildrifta hjå Dale Fabrikker fortsetter. Fabrikken dominerer landskapsbilete i Dale, og den er enno i bruk. I dag er det merkevaren 'Dale of Norway' som er storsatsinga og det har vist seg å vere ein suksess. I fylgje selskapet sjølv:

"Gjennom et omfattande internasjonalt nettverk av forhandlarar er anerkjente produkt frå Dale of Norway tilgjengelig over hele verden."

(<http://dale.no>)

Spesielt gjennom OL-arrangement har dei gjort produkta sine kjend ute i verda, og merkevaren er i dag det Dale og Vaksdal er mest kjende for.

Fabrikkane og bygningane som husar den har altså ei lang og djupt rotfesta historie på Dale. Den har endra landskapsbilete betrakteleg og også dei sosiale forholda for dei som har levd og budd her i fleire generasjonar.

### Bnr 647

#### Messo (Tårnhuset)

Reg.nr 1251/3001	KF – A 005°49.211' N 60°35.322'
------------------	---------------------------------

Messo vart bygd som direktørbustad for Konsul Jepsen, grunnleggaren av Dale Fabrikkar. Det er eit stort trehus med mange utspring og eit tårn. Her kan sjåast element av sveitserstil med tanke på utskjeringane. Huset vart ferdigbygd i 1883 (Lien 2004: 19) og var nok det mest staselege bustadhuset på Dale den tida. Forutan lekkasje i 'glåstaket' er huset i god stand og blir godt vedlikehalde. Det har vore direksjonsmesse, gjestehus og legekantor der inne (Lorentzen 1960: 55). I dag finst Kyrkjekontoret, Kulturskolen og Kommunen si eining for kultur inne i Messo.



Dale Fabrikker. Foto Sveinung KLyve

## Bnr 187

### *Dale Fabrikkers Arbeideres Forsamlingshus*

Reg.nr 1251/3002	KF - A 005°49.393' N 60°35.404'
------------------	---------------------------------

Forsamlingshuset står like ved Dale Kyrkje. Det vart bygd som forsamlingshus for arbeidarane ved Dale Fabrikkar i 1884 (Lien 2004: 284). Huset er bygd i tre og det er godt vedlikehalde. Det har vorte delvis oppussa med kjøk og toalett, mens sjølve salen er original.

### *Arbeidarboligane*

Bnr 567	Bnr 567	Bnr 696
Reg.nr 1251/3003	Reg.nr 1251/3004	Reg.nr 1251/3005
KF – A 005°49.210' N 60°35.394'	KF – A 005°49.242' N 60°35.393'	KF – A 005°49.318' N 60°35.393'

Arbeidarboligane er tre kvite trehus som står i Gatå i Dale sentrum. Opphavleg var det fire hus. Dei vart bygd i 1878 og fram til da budde arbeidarane på Dalegarden (Lien 2004: 284). Der inne budde mange folk tett på kvarandre. Ein familie disponerte eit rom kvar, mens tre familiar delte kjøk (Lorentzen 1960: 54). Husa er godt vedlikehaldne og dei er i bruk som bustadhus i dag. I huset på Bnr 696 driv dei òg med fysioterapi.

## Bnr 156

### *Dalehallen*

Reg.nr 1251/3041	KF – A 005°49.316' N 60°35.423'
------------------	---------------------------------

Stort gult murbygg i funksjonalistisk stil. Det vart vedteke i byggje det i 1936 da direktør R. Dogger gav Kr 10 000 samt ei tomt til oppføringa. Dalehallen sto ferdig i juni 1937 og det vart på den tida sett på som eit symbol på kva som kunne oppnåast med eit godt samarbeid mellom arbeidarane og leinga



*Dalehallen som vart bygd i funksjonalistisk stil. Foto: Guro K Lund*

på fabrikkane.

I Dalehallen har det vore m.a. festlokale, hattebutikk og kino, og den nyttast enno til kulturelle formål. Fleire lag g foreiningar har arrangement der inne i tillegg til at biblioteket er der. Etter kvart er plana at desse funksjonane skal flyttast ned til Kraftstasjonen (1251/3008.) Kva som deretter skal skje er enno ikkje avgjort. Det er ønske om både riving og bevaring. Dette er eit bygg i en særprega stil med ei lang historie. Spesielt knytt det seg til fabrikkane og det er eit av seks registrerte bygg som høyrer med til Dale si industri- og arbeidshistorie. Med så mange slike bygg som har vorte nedrivne vil det lønne seg allereie no å ta ei heilvurdering av alle slike bygg for å finne ut kva og korleis alt skal nyttast.

I tillegg til Dale Fabrikker sin påverknad på området vaks det òg fram eit miljø kring BKK da dei etablerte seg på Dale.

#### *Dale Kraftstasjon*

Reg.nr 1251/3008	KF – A 005°49.094' N 60°34.988'
------------------	---------------------------------

Bygginga av BKK sin kraftstasjon starta etter bustadbygginga på Hestavollen og Kalvakroken i 1921. Bygginga tok fleire år, fleire enn planlagd, og i 1924 vart det stans i bygginga. Kraftanlegget som skulle vere ferdig i 1925 let venta på seg grunna økonomiske problem knytt til for store planar ved bygginga. I 1925 kom dei i gong att, og anlegget sto ferdig i november 1927, to år seinare enn venta. Da kraftstasjonen sto endeleg ferdig i 1951, vart arkitekturen på bygget sett på som eit vakkert eksempel på ein kraftstasjon (Lien 2004: 87).

I vår tid har kraftstasjonen gått ut av sin opphavlege bruk. Dei siste åra har det vore diskutert kva som skal gjerast med bygget. I august 2011 starta arbeidet med å riva dei delane som skal gje plass til den eldste delen og etter kvart ein fleirbrukshall. Fjerninga av delar av kraftstasjonen har skjedd i samråd med Fylkeskonservatoren (AH 2011). Her skal det satsast på kultur og idrett, og målet er at fleirbrukshallen skal ha ein funksjon som ikkje har vore fullstendig dekkja i kommunen så langt. Meininga er at den gamle kraftstasjonen skal kunne fungere som eit kulturhus. Her skal hittil udekkja behov dekkast samtidig som det skal overtakast funksjonar som alt er plasserte andre stader. Målet er å få samla den kommunale kulturverksemda på ein stad for å kunne skapa eit aktivt og praktisk godt miljø. Ei slik tilrettelegging vil i tillegg gje ein betre økonomisk gevinst (Myrmel 2009).

Kraftstasjonen høyrer til ein viktig del av industrihistoria på Dale. Her har folk funne arbeid, ein ny type bustad har skutt opp rundt anlegget, og BKK leverte m.a. strøm til fabrikkane. Når bygget no går inn i ein ny bruksfase, vil det også føyast inn i historia til både Dale og sjølve Kraftstasjonen. Til dels er det enno det same bygget.

#### *Bustadhus på Hestavollen*

Reg.nr 1251/3009	KF – A 005°48.385' N 60°34.588'
------------------	---------------------------------

Ved bygginga og igangsettinga av kraftverket på Dale bygde BKK og bustadar for funksjonærar og tilsette. Funksjonærbustadane vart bygde på Hestavollen rett over elva for Kraftstasjonen. Dette vart eit bustadområde i utkanten av fabrikkområdet. Det vart bygd 7 bustadar på Hestavollen og sjølv i dag skiljar desse seg ut arkitektonisk sett. Heile den nedre etasjen på husa er laga av mur, mens den øvste delen er av tre. Alle husa har mansardtak. Dei vart bygd rundt ein kunstig dam kalla Gåsedammen, og funksjonærane og deira familiar hadde òg tilgang på ein eigen inngjerda tennisbane. Så framt ein kan snakka om nokon overklasse på Dale, så ville det ha vore i dette området dei var. Husa vart bygd i 1921, og det same vart fleire arbeidrarbrakkar på Kalvakroken (Lien 2004: 87).

## Jernbane

### *Dale jernbanestasjon*

Reg.nr 1251/3006	KF – A 005°48.698' N 60°35.063'
------------------	---------------------------------

Tradisjonell gul stasjonsbygning. Opphavleg var jernbanestasjonen – Dale gamle - ved gamlekyrkja, ikkje langt frå Messo (1251/3001). I 1908 vart derimot stasjonen flytta dit den er i dag – Dale nye – og eit stasjonshus vart flytta ned frå Voss. Narvesen hadde ein liten kiosk plassert allereie ved den gamle stasjonen før 1900, og den sto òg ved den nye stasjonen rundt 1920. Stasjonen og Gatå var ein naturleg samlingsplass i Dale, mykje i likskap med dampbåtkaia andre stader. Det var her impulsar utanfrå fant vegen inn til bygda. Dale Fabrikker såg òg nytta av toget og det gjekk arbeidstog frå Bergen og Trengereid til Dale i lang tid (Lien 2004: 132ff). I dag er Dale den einaste stasjonen i kommunen kor regionstoga stansar.

### *Gamal jernbane trasé til Dale Fabrikkar*

Reg.nr 1251/3040	KF – A 005°49.222' N 60°35.338'
------------------	---------------------------------

Rett utafor Messo (1251/3001) ligg nokre jernbaneskiner som går heile vegen bort til den eldste delen av fabrikkane (1251/3038) og inn i sjølve fabrikkområdet. Da Vossebanen kom i 1880-åra vart det lagt eit sidespor bort til fabrikkane. Dei hadde hestar som drog jernbanevognene med varelevering frå stasjonsområdet til og bort til fabrikkane. Dette var måten å få frakta alt før lastebilen kom (Lien 2004: 91). Sjølv med dagens asfaltering kan ein lett sjå kor dette sidesporet gjekk.

### *Gamal jernbanetrasé til BKK og Kraftstasjonen*

Reg.nr 1251/3039	KF – A 005°49.063' N 60°35.226'
------------------	---------------------------------

Da bygginga av Kraftstasjonen (1251/3008) kom i gong på 1920-talet vart det òg lagt eit sidespor ned dit. Ein kan enno sjå dette. Det ligg jernbaneskiner i bakken som går frå stasjonsområdet, ned eit lite skogholt og vidare mot Kraftstasjonen. Dei hadde i mange år ein lokomotivstall inne på BKK sitt område (Lien 2004: 87).

## Dampbåtrelatert

### *Dalebrygga*

Reg.nr 1251/3014	KF – A 005°45.922' N 60°34.519'
---------------------	------------------------------------

Dalebrygga hadde funksjon som skysskifte for både reisande og post. Frå Dalebrygga måtte skyssen enno køyrast vidare til Dalseid før ferda gjekk vidare til Bolstad på sjøvegen. Det var bøndene som skyssa dei reisande, noko som var pliktarbeid og ikkje spesielt godt betalt. For postskyssen kunne ein få fritak for militærtjeneste noko som sikra folk til



*Jernbanetrasé ned til BKK. Foto: Guro K Lund*

å gjere jobben (Skre 1974: 109f). Før jernbana kom, men òg etter, fikk òg Dale Fabrikkar varar levert med båt som la til ved Dalebrygga (Lien 2004: 21).

Det er nesten ikkje spor igjen etter Dalebrygga i dag. Den ligg like ved gamlevegen som går mellom Dale og Stanghelle (1251/3013). Det er berre trappene ned til brygga som vises, og no går dei rett ned i vatnet. Usikker datering, men skyssinga av folk og post føregjekk i lang tid, heilt fram til opninga av Vossebana i 1883.

#### *Restar etter bygning ved Dalebrygga*

Reg.nr 1251/3020	KF – A 005°45.938' N 60°34.527'
------------------	---------------------------------

Like ved restane etter Dalebrygga (1251/3014) står det ein ruin etter ei bygning. Det er berre steinar som står att. Denne bygningen har sannsynleg stått der i samanheng med Dalebrygga. Dale fabrikkar hadde eit kollager ved brygga frå dei starta opp og det kan vere dette bygningen har vore brukt som. Skulle det vere tilfellet stammar den frå 1878/79.

## Veg/sti

#### *Gamlevegen mellom Dale og Stanghelle*

Reg.nr 1251/3013	KF – A 005°47.308' N 60°34.892' (Dalegarden)
------------------	--

Riksveg 9, som går frå Dale til Stanghelle, vart bygd på 1920-talet. Det er ein smal asfaltert veg heile strekninga, bortsett frå strekninga frå Helle opp til Sedalen. Dette var kjørevegen mellom Dale og Stanghelle før E16 kom. Veggen er i god stand. (koordinatar plotta inn med jamne mellomrom langs veggen)

## Idrett

#### Sess-stølen og nærliggande område

#### *Skyttarhus*

Reg.nr 1251/3031	KF – A 005°50.214' N 60°35.430'
------------------	---------------------------------

Skyttarhuset har rast saman og alt treverket ligg der enno. Huset står på Sess-stølen beint plassert ovanfor skyttarbana som ligg borte ved Solliabakken. Skogen har grodd mykje att mellom desse installasjonane. Etter at Dale Skyttarlag hadde vore nedlagt sidan skyteulykka på 1920-talet, tok dei oppatt idretten på 1940-talet. Skyttarhuset vart bygd i 1945/46 (Søvik 1990: 98).

#### *Skyttarbane*

Reg.nr 1251/3035	KF – A 005°50.161' N 60°35.617'
------------------	---------------------------------

Sjølve skyttarbana med blink låg rett ved hoppet til Solliabakken (1251/3034). Det er ein oppmura skyttarinstallasjon med som gjer det mogleg å sitja under og heise blinkane opp og ned. Etter at Dale Skyttarlag hadde vore nedlagt sidan skyteulykka på 1920-talet, tok dei oppatt idretten på 1940-talet. Skytebane vart bygd i 1945/46 (Søvik 1990: 98). I dag er utstyret rusta sundt og skogen som har grodd att, hindrar sikt til Skyttarhuset (1251/3031).

#### Hoppbakkar på Dale

Skihopp var ein sær populær sport på 1900-talet, og det var størst aktivitet mellom 1920-1940. Rundt om i Dalegryta fant ein mange emne til hoppbakkar og det skal ha vore meir enn 26 bakkar rundt om i området (Søvik 1990: 36f). I dag er det ikkje mykje att av desse bakkane, men det finst enno nokre spor. Nokre slike bakkar er å finne på Flatå ovanfor Kupå på Dale.

### *Solliabakken*

Reg.nr 1251/3034	KF – A 005°50.161' N 60°35.626'
------------------	---------------------------------

Solliabakken var ein av dei største hoppbakkane på Dale. Dei starta planlegginga med den i 1925 og i 1927 sto den ferdig. Den vart til med dugnadsarbeid der folk arbeidde både dagar og kveld for å få den i stand. Bakken vart brukt til konkurransar og det kom folk utanbygdsfrå for å hoppe (Søvik 1990: 39ff). Hoppet var bygd opp av steinheller og unnarennet var òg delvis mura opp. Delar av hoppet har no rast saman og ovanfor er det attgrodd med skog. Unnarennet er delvis tilgrodd av kratt, men bakken stikk seg enno markant ut i landskapet.



*Solliabakken. Sjølve bakken vises enno godt. Foto: Anita Vik*

### *Henrybakken*

Reg.nr 1251/3033	KF – A 005°50.095' N 60°35.526'
------------------	---------------------------------

Henrybakken er ein liten hoppbakke som ligg ved flata nedanfor Solliabakken. Sjølve hoppet er bygd i tre og unnarennet er mura opp av stein. Kor gamal den er er usikkert. Området er i bruk som fritidsområde og den kan vera av nyare dato, eventuelt ein restaurert gamal bakke. Er det ein gamal bakke, kan det vera ein av gutebakkane som var vanlege nær dei større bakkane.

## **Minnesmerke**

### Bnr 187

#### *Minnesmerke*

Reg.nr 1251/3007	KF – A 005°49.342' N 60°35.397'
------------------	---------------------------------

I Dale Sentrum er det reist ein bautastein til minne om Konsul Jebsen som grunnla Dale Fabrikkar. Då det nærma seg 50-års jubileum for fabrikkane, vart det fremma forslag om å reisa ein bauta for konsulen, og det skjedde i 1926. Steinen var henta frå Dalseid og frakta med tog, før det på siste etappe vart eit dugnadsarbeid frå arbeidaranes side å få den tunge steinen på plass. På steinen er det eit bronserelieff av Jebsen som vart laga av billedhoggaren Ambrosia Tønnesen (Lorentzen 1960: 43, 107; Lien 2004: 152), og ein inskripsjon som lyder:

Konsul  
Peter Jebsen  
1824 - 1892  
Grunnla  
Dale Fabrikker  
1878

Bnr 619

*Minnesmerke*

Reg.nr 1251/3010	KF – A 005°49.264' N 60°34.396'
------------------	---------------------------------

I Gatå i Dale sentrum, mellom to av arbeidarbustadane står eit minnesmerke. Det er ein statue som er reist til minne om arbeidarane ved Dale Fabrikkar. Statuen visar ein arbeidarkar og ei meir moderne kvinne på kvar si side av ein plakett. Monumentet vart avduka i 2001 under Daledagane samtidig som gågata vart opna (Lien 2004: 286).

## 6 Bergsdalen (1251/4000)

### Kyrkjer

#### Lid Gnr 77

##### *Bergsdalen Kyrkje*

Reg.nr 1251/4038	Askeladden-ID 83878	KF – A 005°57.028' N 60°34.299'
------------------	---------------------	---------------------------------

Bergsdalen Kyrkje sto ferdig i 1955 og den vart vigsla 3. juli av Biskop Ragnvald Indrebø (DBD 2005: 100). På denne tida hadde det tatt 17 år å bygge kyrkja som var teikna av arkitekt Leiv Tvilde frå Voss, og mykje av arbeidet var blitt gjort på dugnad. Denne lange tida og alt slitet har si forklaring i tidlegare tiders kyrkjegang frå Bergsdalen. Det er kanskje berre nokre minutt med bil ned til Dale i dag, men bergsdølingane har ei lang historie med å slite seg over fjella for å koma til kyrkje. Dette var turar som gjekk på livet laus, og nokre gonger til og med kravde liv (DBD 2005:17ff).

Bergsdalen Kyrkje er ei langkyrkje som er bygd av stein som vart hogd ut i Bergsfossen. Den er pussa inni, men ikkje utvendig kor ein ser steinen som er fuga i betong. Inni er eit einskipa skip med eit smalare kor og eit sakristi aust for koret. I våpenhuset er det eit dåpsventerom. Dette er ei av dei fyrste langkyrkjene som vart bygd med møterom i underetasjen. Kyrkja er framleis i bruk og den er i god stand (Hoff 2008).

##### *Kyrkjegarden*

Før dei fekk kyrkjegard på Lid måtte dei døde fraktas til Evanger og seinare til Bolstad. Etter ein fire år lang søkjeprøve fikk dei endeleg eigen kyrkjegard på Lid. Dette skjedde i 1902 og hjelpekyrkjegarden vart vigsla 10. februar det året. Klokketårnet vart satt opp på same tid og ringjaren ringte med klokka da gravfølga kom inn på kyrkjegarden og gjekk fram til sjølve gravplassen. I dag er klokka borte og årstalet som står på døra; 1902, har blitt satt på sekundært. Kyrkjegarden vart utvida da kyrkja vart bygd (DBD 2005: 45f).



*Bergsdalen Kyrkje. Foto: Guro K Lund*

## Industri/næring

### Fosse Gnr 80

#### Bnr 1, 2

#### *Demning*

Reg.nr 1251/4001	KF – A 005°51.944' N 60°34.709'
------------------	---------------------------------

Vest i Storefossdammen er Storefossen demma opp av ei demning bygd i stein og betong. Demninga høyrer til BKK og vart bygd da selskapet skulle utnytte vassdraget mellom Storefossen og Dale for å levere straum til Bergen. Demninga sto ferdig i 1927, same året som Kraftstasjonen (1251/3008) på Dale sto ferdig. På denne tida hadde det vore stans i byggeprosjektet i 1924 på grunn av at ein hadde lagd for grandiose planar i ei tid med økonomisk nedgong. I 1925 skulle alt stå klart, men dette året byrja bygginga att og Kraftstasjonen og demninga sto ferdige først i 1927. Den gamle vegen frå før 1900 måtte leggas om ved bygginga av demninga, og den hamna da under vatn (Lien 2004: 87). Demninga som er ein del av Bergsdalsvassdraget er enno i bruk og i god stand. Vasstanda er målt til 402 m.o.h.

#### *Hengebru*

Reg.nr 1251/4009	KF – A 005°53.382' N 60°34.874'
------------------	---------------------------------

Like ved ei gamal løe på Fosse, går det ei hengebru over elva. Sjølve hengebrua er av tre, mens brukara er av oppmura stein. Utover 1930-åra vart det av BKK bygd 15 hengebruer heilt frå Fosse til Rødland (Gnr 70) som skulle gjere transporten over elva lettare. Dei var bygd for hestetransport. Det var BKK som betala og tok seg av vedlikehaldet. Frå og med 1970-talet vart det behov for større bruer som ein kunne køyre over og dei byrja da å bygge bruer av betong (Ljone 1978: 307f). Hengebrua ved Fosse ser ut til å ha blitt halde ved like, og den er i god stand.



*Hengebru ved Lid. Foto: Guro K Lund*

### *Sandhaug*

Reg.nr 4011

Mellom Øye (Gnr 79) og Fosse ligg ein stor sandhaug som stikk opp av landskapet. Det er i all hovudsak ei stor sandopphoping som det har byrja å vekse skog rundt. Dette er masser som vart teke ut i forbindelse med kraftutbygginga på 1920-talet.

### **Lid Gnr 76**

#### **Bnr 2**

#### *Hengebru*

Reg.nr 1251/4039 | KF – A 005°58.232' N 60°34.004'

Søraust for Lid over Bergsdalselva finst ei hengebru. Brua er av tre, mens brukara er oppmura av stein. Utover 1930-åra vart det av BKK bygd 15 hengebruer heilt frå Fosse til Rødland (Gnr 70) som skulle gjere transporten over elva lettare. Dei var bygd for hestetransport. Det var BKK som betala og tok seg av vedlikehaldet. Frå og med 1970-talet vart det behov for større bruer som ein kunne køyre over og dei byrja da å bygge bruer av betong (Ljone 1978: 307f). Hengebrua ved Lid viser langt kome forfall på brudekket.

### **Kaldestad Gnr 72**

#### **Bnr 7**

#### *Kaldestad Kraftstasjon*

Reg.nr 1251/4072 | KF – A 006°01.370' N 60°33.264'

Murkoloss som er del av Bergsdalsvassdraget. Den vart bygd på 1960-talet (Schjærven 1978: 304), og er i god stand.

## **Veg/sti**

### **Småbrekke Gnr 71**

#### *Militervegen*

Reg.nr 1251/4057 | KF – A 006°02.050' N 60°32.475'

Oppmura veg/sti som byrjar inne på tunet på Småbrekke. Koordinatar plotta inn nedanfor fjøset på Småbrekke. Vidare går den om Storlitjørna og Gullhorgaskardet til Kvitingen i Samnanger. Opphavleg vart den laga for å frakte militært utstyr med hest og vogn, men dette vart den visst ikkje nytta til. Vegen vart bygd mellom 1926 og 1929 av bergsdølinger som fekk betalt av militæret. Arbeidarane budde på Moastølen mens dei arbeide med vegen. På delar av vegen har grusen vorte vaska vekk, men Per Småbrekke (Bnr 1) jobba i 2003-2004 med å reparere desse delane (GNB: 6f). Vegen nyttast i dag som tursti/veg. (koordinatane er plotta inn nedanfor fjøset på Småbrekke. Det var ikkje mogleg å gå vegen ved registrering.)

#### *Gamalt busskilt*

Reg.nr 4063

Reg.nr 1251/4063 | KF – A 006°02.095' N 60°32.528'

På muren like i svingen på R 314 over Småbrekke henger eit lite rektangulært skilt. Det er sjølve treramma og ikkje infoen på skiltet som heng att. Busstoppen låg midt i svingen, mens den i dag ligg nokon meter unna med dagens blå busskilt. Busskiltet på muren var ikkje blått slik som i dag.



*Gamalt busskilt til høgre, dagens busstopp til venstre. Foto: Guro K Lund*

## Skule/forsamlingshus

### Hatlestad Gnr 73

#### Bnr 9

#### *Kulturhus*

Reg.nr 1251/4052	KF – A 006°01.065' N 60°33.313'
------------------	---------------------------------

Kvitt bordkledd hus med skiferheller på taket. Tilhøyrande raudt og bordkledd bygg som òg er dekt med skiferheller på taket. Bruket vart skilt ut frå Bnr 1 i 1918 og har vore i bruk gjennom 1900-talet (Schjærven 1978: 101). Sannsynlegvis kan huset daterast til dette århundret.

## Minnesmerke

### Lid Gnr 77

#### *Minnesmerke*

Reg.nr 1251/4037	KF – A 005°57.023' N 60°34.302'
------------------	---------------------------------

Rett framfor inngangen til Bergsdalen Kyrkje står ein bautastein med ein minneplakett av bronse. Den er reist som eit minnesmerke for ein fallen i 2. verdskrig. Det var Tor Kyrkjeteig frå Rødland som falt i Valdres. Steinen vart hogd ut av folk frå dalen og deretter av fagfolk. Minneplata vart laga av bilethoggar Sofus Madsen i Bergen. Minnesmerket vart avduka 17. mai 1957, og kvar 17. mai byrjar feiringa med kransnedlegging her (DBD 2005: 170).

Teksten lyder:

Tor Kyrkjeteig  
Fødd 9.3.1914  
Gav livet for  
Fedrelandet  
23.4.1940  
Me skuldar deg alt  
Og takkar deg

### *Gullhorgasteinen*

Reg.nr 1251/4073

Ca 600 meter sør for Storlitjernet, like ved kommunegrensa mellom Vaksdal og Samnanger, står Gullhorgasteinen. Det er ein stein med runer og figurar rissa inn. Desse innristingane er farga raude. Steinen vart avduka i 2. september 2006 og er eit minnesmerke over slaget ved Gullhorgatjernet. Kort fortalt var det eit slag mellom ein vossakonge og ein samnangerkonge som møttest til strid ved Herfangen (namnet skal koma av at ei av sidene tok stort herfang). Da Samnangerkongen tapte, kasta han ein gullgjenstand (gullhorga – òg omtalt som eit gullbord) ut i vatnet – Gullhorgatjernet (for heile segna sjå Skre 1981: 626; Sæterdal 2011 : 52f. Det er variasjonar i segna, men i grunn er det same historie). Sverre M. Gjerde leita i mange år etter gullbordet utan suksess. I staden fekk han hogd ut ein runestein som fortel historia om slaget, og det er denne som er reist på grensa mellom kommunane. På steinen kan ein sjå m.a. dei stridande, men òg gullbordet.



*Gullhorgasteinen. Foto: Anita Vik*

## 7 Stamnes (1251/5000)

### Arkeologiske kulturminne

#### Toskedal Gnr 28

##### Bnr 3

###### *Kjeldesteinen (og kjeldehaugen)*

Reg.nr 1251/5157	KF – A 005°41.776' N 60°39.745'
------------------	---------------------------------

Midt på tunet – der det skal ha vore ein brønn – ligg ei steinhelle. Det skal ha liggje ein rest av ein gravhaug – kjeldehaugen – der, men det er uavklart om det er ein gravhaug eller en naturleg haug (<http://dokpro.no>).

#### Hesjedal Gnr 40

##### Bnr 1,3

###### *Gravhaug I*

Reg.nr 1251/5062	Askeladden-ID 45582	KF – A 005°46.875' N 60°41.600'
------------------	---------------------	---------------------------------

Gravhaugen på Bnr 1 ligger ca 10 meter nord for ei sandgrop bak det nye bustadhuset på Bnr 3. Det er ei svak forhøgning i bakken, ikkje meir enn 0,5 meter på det høgaste, og haugen er ca 2,5 meter i tverrmål. Haugen er overgrodd og dermed godt skjult. Den var vanskeleg å etterspore, men ut frå Per Fett si beskriving er det denne haugen (Fett 1966: 8) Fett beskriv og eit par steinringar, og desse var enno synlege i 1984 under registrering då, men dei var ikkje å sjå no fordi dei ser til å vere fullstendig overgrodde.

I denne haugen er det gjort funn: B 8140 (a-i); Jernøks, sverd, vevskje, restar av nøkkel, jernbøyle, tinder til linhekle, tange, handteinsnelle, del av eit skiferbryne. B 8140i er eit funn av diverse jernfragmentar, men desse vart funne på ein høgde ca 50 meter frå husa.

Gravhaugen er tolka som ei kvinnegrav og den daterast til yngre jernalder. Gravhaugen er automatisk freda og har ei sikringssone på 5 meter.

##### Bnr 3 (Heimagarden)

###### *Gravhaug II*

Reg.nr 1251/5068
------------------

Gravhaugen var borte alt då Per Fett registrerte på 1960-talet. Den skal ha ligge på Træsåkrane ca 300 meter nordvest for tunet. Den var synleg frå den gamle sjoarvegen (Fett 1966: 8). Den skal ha ligge nær eit lite sanduttak og ein stor stein, nedanfor Stolpehaugen. Sidan haugen er borte er det vanskeleg å lokalisere den nøyaktige staden i dag, berre det generelle området. Det var ikkje gjort nokon funn i haugen.

#### Kalland Gnr 41

##### Bnr 1

###### *Kongshaugen (og sandgrop)*

Reg.nr 1251/5052
------------------

Gravhaugen på Kallandsgarden skal ha vore der ein i dag kan sjå spor etter eit sanduttak. Sandgropa er no overgrodd av skog. I gravhaugen skal det ha vore funne lange steinheller som danna ein firkant – slik som ei kiste (Fett 1966: 8). Sandgropa daterast til siste del av 1800-talet.

## **Stamnes Gnr 45**

Bnr 179

### *Kolleikhaugen*

Reg.nr 1251/5049

Gravhaugen låg på det som i dag er kyrkjegarden. Det må ha vore mellom reiskapshuset og kyrkja der det var leiruttak på 1880-talet før kyrkjegarden vart utvida i 1890. Gravhaugen var 12 meter brei og 3 meter høg. Sentralt i haugen fant ein det som kan ha vore eit samanrast kammer, og tidlegare var det òg funne ei leirurne med oske og brende bein. I den søraustre delen var det gjort funn: B3830: Sverd, Spy- og pilspissar, skjoldbule, Øksar, celt, sigdblade, saks, knivar, skraper, fil, hammar, bissel, reimbeslagstykkar, reimspenne, jernfragment, spiker, steikepanne, fragment av bronseskål, bryne og eit skifersteinstykke. Grava daterast til yngre jernalder – vikingtid (<http://dokpro.uio.no>)

## **Vik Gnr 47**

Bnr 9

### *Leitehaugen*

Reg.nr 1251/5038 | KF – A 005°46.841' N 60°39.720'

Gravhaugen låg i følgje Per Fett (1966) tett opptil huset på Bnr 9 og den skal ha vore 17-2m meter brei og 1,75 meter høg. Slik sett skal haugen vere borte. Eigar meiner derimot at haugen enno finst der. I hagen ved huset er det ei stor avrunda forhøgning, og sjølv toppe av denne skal vera det som er igjen av Leitehaugen. Haugen vart utgraven i 1930 av Johannes Bøe, og det var ingen funn anna en ei leirkrukke som var plassert under ei stor helle (Fett 1966: 9). Denne krukka var forvittra og er tapt. Leitehaugen har ingen Askeladden-ID, sannsynlegvis fordi den er regna som tapt. Her bør ein gå inn å sjekke om det faktisk er restar av Leitehaugen som er igjen. I så fall er den førreformatorisk og dermed automatisk freda.

### *Kokegropsfelt*

Reg.nr 1251/5041 | KF – A 005°46.784' N 60°39.837'

På åkeren over huset på Bnr 9 har det vore grove ut eit kokegropsfelt. Utgravinga fant stad i august 2000. Kokegroper daterast stort sett til eldre jernalder. Kokegropsfeltet er ikkje oppført i Askeladden.

Bnr 22

Rokallen

Reg.nr 1251/5039

Rokallen var ei gravrøys som låg under huset som i dag står på Bnr 22, dvs. ca 200m nord for Leitehaugen (5038). Røysa var 14 meter brei og 1,5 meter høg og den var bygd opp av stein med tynn torv over og steinheller som låg på skrå i kantane (Fett 1966: 9). Gravrøysa vart utgraven i 1949 av Wenche Slomann, men det var gjort funn der tidlegare av bebuarane på garden. Det var til saman tre graver i røysa, ei kiste og to branngraver. Her var det gjort funn: B10021 I-III;

*B10021 I* – funna kom frå ei sentral grav i røysa som hadde blitt øydelagt tidlegare fordi det var nedgrove smiejern der. Dei fant restar av en mannslang kiste. Her vart det funne jern og ubrent bein. Grava daterast til eldre jernalder.

*B10021 II* – funna kom frå den nordre delen av røysa. Her var det eit sverd, skavejern, ei sigd, ein kniv, ein jernkjele, eit skrin og brende bein. Dette var ei branngrav og den daterast til yngre jernalder, meir spesifikt vikingtid.

*B10021 III* – funna kom frå den vestre delen av røysa. Her var det eit sverd, ei øks, ei tverrøks, skjebor, kniv, ei sigd eit eldstål og brende bein. Dette var ei branngrav og den daterast til yngre jernalder.

(<http://dokpro.uio.no>)

## **Straume Gnr 49**

Bnr 1, 4

*Tufter og åkerrein*

Reg.nr 1251/5011	Askeladden-ID 35554
------------------	---------------------

På Nesatræet ligg ein arkeologisk lokalitet. Her er funne restar etter ei 17 meter lang åkerrein og steinar som er tolka som restar etter tufter. Den eine bygningen ser ut til å ha hatt to rom. Det er hjørnesteinane som er mest markante i utforming. Desse funna er daterte til førreformatorisk tid og er dermed automatisk freda. Dei har ei sikringsone på 5 meter.

## **Laksegiljer**

### **Gammersvik Gnr 30**

*Laksegilje (Sverrestuen)*

Reg.nr 1251/5054	KF – A 005°41.799' N 60°41.998'
------------------	---------------------------------

To giljer stilt opp på pålar i berget. Det går ein gangveg frå berget og ut til giljene, samt ein gangveg mellom dei. Etter 2. verdskrig skifta dei fiskeplass frå Kvitaneset til Sverrestuen. Dette var fordi det vart for lite fangst på Kvitaneset. Laksegiljene vart bygd i 1959.

Ved Kvitaneset står det enno ei laksehytte rett ved vegen som no er falleferdig. Den vart òg bygd etter krigen.



*Laksegilje ved Sverrestuen. Foto: Anita Vik*

## Mellesdalen Gnr 32

### Laksehytte (Hønshamneset)

Reg.nr 1251/5094	KF – A 005°41.234' N 60°41.998'
------------------	---------------------------------

På berget på Hønshamneset står ei laksehytte lent inntil eit gult skilt. Den er bordkledd med tak dekt av bølgeblikk. Her er lang kome forfall.



Laksehytte. Foto: Anita Vik

## Simmenes Gnr 33

### Laksegilje (Simmenesklubben)

Reg.nr 1251/5093	KF – A 005°43.064' N 60°41.772'
------------------	---------------------------------

På Simmenesklubben står to giljer plassert på pålar ute på berget. Inne på land står ei laksehytte for overnatting. På Simmenes byrja dei med laksefiske i 1912. Dagens gilje er frå 1964, men det finst eit bilete av ei eldre gilje (Gammersvik 1984: 110). Dagens gilje har vorte pussa opp, og den er i god stand.

## Stamnes Gnr 45

### Laksegilje (Skiljanaset)

Reg.nr 1251/5046	KF – A 005°45.037' 60°39.725'
------------------	-------------------------------

Gilje plassert på pålar ute i sjøen. Det går ei trapp frå berget og ut til gilja. Her er inga laksehytte, då det er to rom i gilja. Det eine er til å overnatte i. Allereie i 1880-åra byrja dei å nytta sitjenot på Skiljanaset, og dette var ein av det fyrste plassane dei sett opp ei gilje (Skre 1965: 297). Det visar kontinuitet i bruken av fiskeplassen.

### Laksegilje (Skolma)

Reg.nr 1251/5043
------------------

På skolma, plassert i berget, står ei gilje (med blå karmar). Her er inga laksehytte, men det er rom for overnatting inni sjølve gilja. Den er i god stand.

## Vik Gnr 47

### *Laksegilje (Vikaberget)*

Reg.nr 1251/5042	KF – A 005°46.625' N 60°39.699'
------------------	---------------------------------

På Vikaberget, like inntil riksvegen, finst ei gilje. Den er nest ikkje mogleg å sjå utan å gå ut av bilen. Den er plassert på pålar som står på berget. På den eine sida av gilja er det ein platting og under denne ein mur. Her er inga laksehytte, men eit rom for overnatting inni gilja. Den er i god stand.

## Bygningar før 1650

### Toskedal Gnr 28

#### Bnr 3

### *Eldhus*

Reg.nr 1251/5156	KF – A 005°41.776' N 60°39.745'
------------------	---------------------------------

Inne i skytja (1251/5155) ligg eit gamalt eldhus lagra. Det har stått på tunet før. Eldhuset skal vere frå 1300-talet. Det er datert ut frå forma på stokkane. Dette bør undersøkast og stadfestast. Er dateringa riktig er eldhuset automatisk freda etter Kulturminnelova. Eldhuset ligg lagra tørt.

## Kyrkjer

### Stamnes Gnr 45

#### *Stamnes Kyrkje*

Reg.nr 1251/5076	Askeladden-ID 85543	KF – A 005°44.967' N 60°39.851'
------------------	---------------------	---------------------------------

Stamnes Kyrkje som ligg midt i Stamnes sentrum vart bygd i 1861-1862, og vart vigsla 20. oktober 1862. Det er ei langkyrkje som er lafta og kledd inn. Kyrkja har saltak og eit tårn i vestenden. Både utsjåande og inventar er vanlege på kyrkjer frå den tida, men tårnet er litt meir spesielt. Sakristiet på austenden kom til i 1961. Kyrkja er i god stand både inn- og utvendig.

#### *Eldre kyrkje – Tømmerkyrkja*

Før 1862 sto det ei tømmerkyrkje (eller kapell) rett nord for dagens kyrkje. Det er usikkert når denne vart bygd, men det skal ha skjedd tidlig på 1600-talet. Ved ei synfaring i 1886 vart det registrert både inventar og at det var ei tømmerkyrkje med eit lite tårn. Allereie tidleg på 1800-talet meinte folk at kyrkja var for lita, og den vart nedriven etter at dagens kyrkje vart reist i 1861/62 (Hoff 2008).

#### *Eldste kyrkja*

Den eldste kyrkja som er nemnt skal ha vore ei stavkyrkje og den nemnast i skriftlege kjelder på slutten av 1500-talet. Denne kyrkja skal ha blitt erstatta av Tømmerkyrkja.

Askeladden ID 85541 rettar seg mot eit fjerna kyrkjebygg datert til melleomalderen. Dette må da gjelde den eldste kyrkja på staden. Per 2011 var området enno ikkje kartfesta, og vernestatusen er uavklart.

#### *Kyrkjegard*

Kyrkjegarden på Stamnes har vore kontinuerleg i bruk, og har med tida blitt utvida. Han var oppmåla i 1852 og vart da funnen for liten. Da nykyrkja kom og Tømmerkyrkja vart teke ned gav dette rom for utviding. Dette har òg skjedd i nyare tid: 1930-åra, sørover i 1960 og vestover i 1985.

I Askeladden er ein del av kyrkjegarden registrert: Askeladden ID 85543-2. Dette gjeld ein del som ut frå skriftlege kjelder er datert til høgmedialderen. Den er avgrensa ved hjelp av ei

planteikning samt gjerdet aust og vest på kyrkjegarden. Området er automatisk freda og har ei sikringssone på fem meter. Per 2009 er området registrert som skadd pga gravleggingar og anna kyrkjegardsaktivitet på området. Alt har skjedd etter 1945, det seinaste på 2000-talet.



*Stamnes Kyrkje med kyrkjegarden. Foto: Guro K Lund*

### Steinhelle

Reg.nr 1251/5074	KF – A 005°44.956' N 60°39.852'
------------------	---------------------------------

Rettt framfor inngangen til Stamnes Kyrkje ligg ei stor, rektangulær og flat steinhelle. Den skal ha vore brukt som alter i ei av dei eldre kyrkjene og deretter som 'kyrkjetrappa' framfor dagens kyrkje.



*Steinhella og minnesmerket framfor Stamnes Kyrkje. Foto: Guro K Lund*

## Jernbane

### Dalseid Gnr 51

#### *Jernbaneskilt*

Reg.nr 1251/5152	KF – A 005°50.296' N 60°36.912'
------------------	---------------------------------

På Dalseid står det att eit jernbaneskilt. NSB hadde haldeplass ved Dalseid frå 1936 (Gubberud 1982: 50).

### Bnr 79

#### *Brakko (bustadhus)*

Reg.nr 1251/5153	KF – A 005°50.328' N 60°36.857'
------------------	---------------------------------

Huset vart bygd i 1880 – opphavleg på Bnr 2 – for å husa arbeidarar på Vossebana (Skre 1965: 433). Seinare vart det òg nytta som banevaktarbustad. I dag er det eit bustadhus som har vorte modernisert.

## Dampbåtrelatert

### Stamnes Gnr 45

#### Stamnes Kai

Kaia i Stamnes var ein naturleg møteplass da dampbåten gjekk og sjøvegen var den mest nytta ferdselsvegen. Naturleg nok vaks det fram eit handelsmiljø her da det var her impulsane utanfrå kom først.

### Bnr 4

#### *Dyvikahuset*

Reg.nr 1251/5056	KF – A 005°44.917' N 60°39.809'
------------------	---------------------------------

Ved Stamneskaia står eit stort kvitt huse med tydelig preg av sveitserstil. Det er skiferheller på taket og raude karmar på nedste delen av bygget. Der inne var det kolonialbutikk, dampskipskontor, postopneri og eit bakeri. Huset har namnet etter Knut Dyvik som hadde forretningane (Iversen 2009: 45). Dateringa på huset er usikker, men det skal finnes på eit bilete frå tidleg 1900-tal. Huset er i god stand.

### Bnr 6

#### *Dyvikafloren*

Reg.nr 1251/5058	KF – A 005°44.896' N 60°39.836'
------------------	---------------------------------

Kvit bordkledd bygning med steinmur og skifertak. Bygget har fungert som fjøs. Her er ein del råteskadar.

### Bnr 19

#### *Bustadhus/skomaker, pensjonat m.m.*

Reg.nr 1251/5061	KF – A 005°44.921' N 60°39.840'
------------------	---------------------------------

Kvitt vestlandshus med ein ark på taket som er dekt med skifer. Huset vart flytta frå Elvik (Gnr 31) og satt opp på Stamnes i 1910. Det var skomakarverkstad i huset og med all trafikken ved Stamnes kai var det nok arbeid. Det var òg pensjonatverksemd der inne (Iversen 2009: 51).

### Bnr 34

#### *Bustadhus/soknestove m.m.*

Reg.nr 1251/5059	KF – A 005°44.854' N 60°39.867'
------------------	---------------------------------

Kvitt bordkledd bustadhus. Her inne har det vore soknestove. Soknepresten budde der når han var på Stamnes. Det har og vore folkebibliotek, og legekantor (Iversen 2009: 49f). Bruvik Sparebank fikk i tillegg ein filial i huset på 1930-talet da Nybanken (1005) vart bygd på Vaksdal (Lorentzen 1966: 222). Huset er i god stand.

### Bnr 41

#### *Bustadhus/telefonsentral*

Reg.nr 1251/5048	KF – A 005°44.946' N 60°39.816'
------------------	---------------------------------

Raudt bordkledd bustadhus ved bedehuset. Her inne var telefonsentralen frå huset vart bygd i 1937 til telefonen vart automatisert kring 1970. Tidlegare var telefonsentralen i bakeriet og skomakarverkstaden.

### Bnr 48

#### *Bustadhus/postkontor*

Reg.nr 1251/5060	KF – A 005°44.809' N 60°39.872'
------------------	---------------------------------

Grått bordkledd bustadhus med kvit betongmur og eit tilbygg. Her har det vore postkontor i kjellaren, og deretter i tilbygget frå 1970-talet. Huset er i god stand.

### Bnr 64

#### *Bustadhus/bakeri*

Reg.nr 1251/5057	KF – A 005°44.905' N 60°39.817'
------------------	---------------------------------

Grått bustadhus i tre etasjar. Her inne har det vore bakeri, kiosk og kro. Huset er i god stand.

## **Veg/sti**

### **Kalland Gnr 41**

#### Bnr 3

#### *Hesjedalsfossen*

Reg.nr 1251/5053	KF – A 005°45.892' N 60°41.897'
------------------	---------------------------------

Hesjedalsfossen er ein del av Hesjedalsvassdraget som har blitt verna. Det som gjer fossen til eit kulturminne er dei tydelege spora etter menneskeleg aktivitet. Fossen vart nemleg delt i to på toppen pga vegen som går rett under. Den vart bygd på 1920-talet.



Hesjedalsfossen som vart delt i to da vegen vart bygd. Foto: Guro K Lund

## **Straume Gnr 49**

Bnr 68

### *Bolstadstraumen Bru*

Reg.nr 1251/5034	KF – A 005°48.183' N 60°39.350'
------------------	---------------------------------

Bolstadstraumen Bru ei ein del av riksveg 569. Brua vart bygd i 1963 og var ferdig rett før jula det året (Skre 1965: 385). Før dette gjekk all trafikk med båt. Brua er i bruk og i god stand.

## **Attåtnæringar**

### **Stamnes Gnr 45**

Bnr 1 (Joansane)

#### *Sandgrop*

Reg.nr 1251/5044	KF – A 005°45.461' N 60°40.042'
------------------	---------------------------------

Gropa etter sanduttaket visast som eit sår i landskapet der det er gjort innhogg. Den er godt bevart, men noko skog har kome til i utkanten av gropa. Sanduttaket daterast til siste del av 1800-talet.

#### *Leirgrop*

Reg.nr 1251/5045	KF – A 005°45.609' N 60°39.948'
------------------	---------------------------------

Gropa etter leiruttaket visast som eit sår i åkeren der det er gjort innhogg. Det er einast forma som viser kor leiruttaket var da det elles er overgrodd. Det skyldast nok at matjorda vart lagt tilbake etter at man hadde tatt ut den leira man skulle (Fjellheim 1982: 98). Leira vart tatt ut og selt til Hjelmaas Tegelværk. Leirgropa daterast til siste delen av 1800-talet.

### *Steinbrot*

Reg.nr 1251/5135	KF – A 005°46.160' N 60°39.628'
------------------	---------------------------------

Bergvegg med spor etter sprening, samt mykje stein spreidd rundt framfor bergveggen. Steinbrotet var i bruk frå 1871 til ca 1915. Det var Bergen Kommune som avtalte uttak av stein med Bnr 1 for å skaffa gatestein. Først var det svenske arbeidarar der, men etter kvart var det meir lokale arbeidarar. Steinbrotet vart nedlagd da Bergen Kommune byrja å kjøpe gatestein frå Fredrikstad i staden (Skre 1965: 303). Steinbrotet ligg slik det vart forlatt. Den lause steinen på bakken er overgrodd av mose.



Steinbrotet på Bnr 1 i Stamnes. Foto: Anita Vik

### Bnr 7 (Bessane)

#### *Sandgrop*

Reg.nr 1251/5050	KF – A 005°45.053' N 60°39.927'
------------------	---------------------------------

I eit bratt heng like ved husa på Bnr 7 kan det sjåast eit tidlegare sanduttak. Det visast som eit sår i landskapet og kan beskrivast som ein bakke som danner ein halvsirkel. Sandgropa er dekt med mose i dag, men elles i god stand. eit gjerde høgt oppe i bergveggen til venstre for sjølve sandgropa visar kor høgt det læg med sand der før alt vart fjerna. Daterast til siste del av 1800-talet.

## Minnesmerke

### Stamnes Gnr 45

#### Minnesmerke

Reg.nr 1251/5075	KF – A 005°44.956' N 60°39.853'
------------------	---------------------------------

Rett framfor inngangen til Stamnes Kyrkje står eit minnesmerke over falne i begge verdskrigrar. Steinen vart reist av Ungdomslaget. Innskrifta lyder:

Olav O. Hesjedal

\*24-2 1915

Håkon Nytun

\*5-2 1918

Falne i striden for Noreg April 1940  
Ungdomslagi i bygdi reiste denne steinen

### Vik Gnr 47

#### Bnr 1

#### Minnesmerke

Reg.nr 1251/5037	KF – A 005°46.782' N 60°40.190'
------------------	---------------------------------

Langs vegen mot Vikadalen står det ein bautastein like i vegkanten. Steinen vart reist ved slutten av 2. Verdenskrig, og den har ein inskripsjon med Haakon 7. sitt monogram og datoen 8/5 1945.

## Landskapsmuseet på Straume

#### Bnr 4

#### Skipselleren

Reg.nr 1251/5168	KF – A 005°47.761' N 60°39.270'
------------------	---------------------------------

Ved foten av Furufjellet finn ein Skipshellaren – ein gamal bustad frå steinalder. Den vart utgrave i 1930/31 av Johannes Bøe. Her vart det oppdaga gode bevaringsforhold for organisk materiale da det vart gjort mange gjenstandsfunn av bein. Her er funne; lystertenner, harpunspissar, trinne spissar, fuglepilar, pilspissar, anglar, garnnåler, meislar, prenar, slagstokker og anna bein. Det vart òg funne steinreiskap; økser, pilspissar og skraper. I tillegg kom keramikfunn og jerngjenstandar i form av ein pilspiss, ein kniv og nokre spikrar. Enkelte av desse var moderne (Bøe 1934: 23ff). Det osteologiske materialet i helleren rettar seg mot sjøen og jakt på land. Det er lite som tyder på jordbruksaktivitet.

Ved utgravinga vart det avdekka tjukke og ujamne kulturlag – det tjukkaste på 1,7-8 meter djupt (Bøe 1934: 13). Sjølve flata i helleren er ca 30 meter brei og det er ca 17 meter ut til dråpefallet. Alt vart lagt på plass att etter utgravinga. Bustaden i helleren har ei lang brukshistorie og den eldste fasen daterast til seinmesolitikum. Den yngste fasen daterast til jernalder.

Skipshelleren er i dag den delen av Landskapsmuseet på Straume som nyttast mest aktivt. Her er det undervisning for skuleklassar kvart år i vårsemesteret.

Rettedanfor skipshelleren står ei bygning. Dette er *kommunen sin tusenårstad* og bygningen – som er eit grindbygg – vart bygd i 2000/01.

## Bnr 9

### *Kallestadstova*

Reg.nr 1251/5167	Askeladden-ID 87205	KF – A 005°48.205' N 60°39.479'
------------------	---------------------	---------------------------------

Kallestadstova er ei lafta bygning i to etasjar med torvtak. Den nedste delen daterast til mellomalderen, den øvste er yngre. Stova sto opphavleg på garden Kallestad (Gnr 26) før den vart flytta til Stamnes. Der sto den i hagen rett ved sida av Dyvikahuset (1251/5056) på Stamnes. Deretter vart den flytta til Straume kor den i dag utgjer ein del av Landskapsmuseet. Inni oppbevarast dei Dyvikske samlingane.

Grunna dateringa på stova er den automatisk freda etter Kulturminneloven og den har ei sikringsone på 5 meter. Fredinga omfattar eksteriør, interiør og veggfast inventar.

### *Skulehuset*

Reg.nr 1251/5166	KF – A 005°48.210' N 60°39.473'
------------------	---------------------------------

Grå skulebygning med skifertak og store vindauge på langveggen som vender ut mot vegen. Huset vart bygd litt før 1910 (SVK 1989: 110) og nyttast i dag som skulemuseum. Der inne finst sjølve klasserom med inventar oppbevara, samt andre utstillingar. Tilstanda på huset er god sett vekk frå eføy som har vekse inn i eine rommet og fuglar som kjem inn og skiter rundt i alle rom.



*Kallestadstova til venstre og Skulehuset til høgre. Foto: Guro K Lund*

### *Dragebryggjo*

Reg.nr 1251/5035	Askeladden-ID132928	KF – A 005°48.063' N 60°39.307'
------------------	---------------------	---------------------------------

Dragebrygga er ei brygge som er mura opp av stein. Bolstadstraumen som går forbi Straume er særskild sterk og her har det vore fleire drukningsulykker opp gjennom tida. Brygga vart konstruert for å kunne dra båtane mot straumen. Den vart bygd rundt 1830 og var påkosta av det offentlege, mens vossingar gjorde sjølve arbeidet (Skre 1965: 286). Brygga er i god stand.

### *Laksegilje (Straumshåve)*

Reg.nr 1251/5033	KF – A 005°48.247' N 60°39.276'
------------------	---------------------------------

I berget like ved Bolstadstraumen Bru er det plassert ei gilje. Den står på pålar og det går ein stige frå gilja ned til vatnet. Her er inga laksehytte, men eit opphaldsrom inni gilja. Gilja er i god stand.

### *Naust I-IV*

Reg.nr 1251/5168	KF – A 005°48.203' N 60°39.436'
------------------	---------------------------------

Ved sjøen står fire grindnaust på rekke. Dei vart bygde tidleg på 1800-talet og har vorte nytta til å tørke og lagre ved. Veden vart tidlegare seld til Bergen. Nausta er i god stand.

### *Sandgrop*

Reg.nr 1251/5036	KF – A 005°48.324' N 60°39.343'
------------------	---------------------------------

På bruk 5 finst det restar etter sandgrop kor dei som attåtnæring på garden hadde eit sanduttak. I dag vises gropa nest som eit sår i landskapet. I dag er gropa overgrodd av mose og mykje sand har rast ut og gjort grusvegen nedanfor vanskeleg å køyre på når det regnar. Sanduttaka vart starta opp rundt 1870-talet (Skre 1987: 247ff).



*Sandgrop på Straume til venstre og tre av nausta til høgre. Foto Guro K Lund*



*Laksegilja på Straume. Foto: Guro K Lund*

## 8 Osterøy og Veafjorden (1251/6000)

### Arkeologiske kulturminne

#### Bukkestein Gnr 24

##### Gravhaugar

Reg.nr 1251/6092	Askeladden-ID 15915	KF – A 005°43.298' N 60°38.349'
------------------	---------------------	---------------------------------

Smådalshaugen synest godt i landskapet der den er del av ei eng og har eit epletre på toppen. Haugen er uskadd no, men har vore litt større før, fordi den på eit tidspunkt har vorte utplanert litt. Den er bygd opp av sand og leire og det skal gå steinsette grøfter frå kanten av den og inn mot midten – den eine frå nord og den andre frå aust. Inntil denne skal det vere ein mindre haug som ligg kant i kant på den sørvestre sida av Smådalshaugen. Den var overdyrka og utydeleg allereie då Per Fett rapporterte og tilstanden har ikkje betra seg (Fett 1966: 7). Begge haugane daterast til jernalder og dei er då automatisk freda med ei sikringssone på fem meter.



*Gravhaug på Bukkestein. Foto: Guro K Lund*

##### Steinhelle med skålgroper og innristningar

Reg.nr 1251/6088	KF – A 005°43.267' N 60°38.302'
------------------	---------------------------------

Rett framfor den raude løa ligg ei flat tilnærma rektangulær steinhelle. Den har vore i bruk lenge, noko både skålgropene og inskripsjonane vitnar om.

På steinhella er det som er blitt tolka som skålgroper. Den eine er sirkulær og den måler 7x8 cm. Den andre er avlang, men har og blitt tolka som er skålgrop. Den er 19x4 cm. Skålgroper representerer den vanlegaste forma for helleristningar i Skandinavia og vanlegvis er dei ca 4-6 cm i diameter. Det stemmer nokså godt med den eine på steinhella, men dei kan og vere større enn dette.

Når det gjeld tolking av funksjon fins det mange teoriar m.a. ofring, stadsmarkering og minnesmerke. Dei førekjem ofte saman med andre helleristningar, men det finst òg reine skålgropfelt. I Noreg opptre dei ofte i kontekstar frå yngre steinalder og fram til mellomalderen (Hagen 1990). Skålgropene på steinhella på Bukkestein er blitt tolka som nettopp det av arkeologar, men ikkje i nokon offisiell samanheng. Her bør man få stadfesta ein gong for alle at det er skålgroper. I så fall er dei i det

minste førreformatorisk og dermed freda. I tillegg representerer dei det einaste kjende tilfellet av helleristningar i Vaksdal Kommune.

I tillegg til skålgropene er det innrissa to likearma kors i steinen, årstalet 1792 og bokstavane SOS B.

I *Vaksdal bygdebok b. III* står det at det eit par år før 1860 vart funne ei svær steinhelle i ei fjøstuft som låg over eit holrom som kan ha vore eit gravkammer. Steinhella var så stor at den ikkje var mogleg å få ut utan å slå den i sund (Skre 1965: 37). Spørsmålet er om steinhella som no ligg ved den raude løa er ein del av denne steinhella.



*Steinhelle med Skålgroper. Avlang til venstre, sirkulær til høgre. Foto: Anita Vik*

## Laksegiljer

### Kåstad Gnr 43

#### *Laksegilje*

Reg.nr 1251/6120
------------------

På naustneset, nord for Kåstad er det ei nedrasa laksegilje. Den ligg på berget og pålane den sto på er det som best viser kva som har vore der.

#### *Laksehytte (Kåstadneset)*

Reg.nr 1251/6119	KF – A 005°44.058' N 60°37.842'
------------------	---------------------------------

På Kåstadneset står ei bordkledd laksehytte. Her er langt kome forfall.

### Kvamme Gnr 42

#### *Laksegilje (Røyrtongen)*

Reg.nr 1251/5047	KF – A 005°44.893' N 60°39.627'
------------------	---------------------------------

Gilje plassert på pålar ute i sjøen. Gangvegen går i etappar frå land med trapper ut til gilja. På land står det ei raud lakeshytte. Både gilja og laksehytta er i god stand.

## Veg/sti

#### *Veg frå Heggebotn til Grøttå*

Reg.nr 1251/6039	KF – A 005°39.100' N 60°32.860'
------------------	---------------------------------

Vegen vart påbegynt i 1909 og den går frå Heggebotn (Gnr 3) til Grøttå (Gnr 5) med ein avstikkar inn til Hesjedalen (Gnr 4). Vegen er ein grusveg med stabbesteinar langs mesteparten av strekninga, heile

vegen ned til Grøttå. Det tok 70 år å bygge ferdig vegen og det vart gjort av dei som budde i området. Dei gjorde dette gjennom pliktarbeid og hadde då eit visst antal dagsverk i året dei var pålagde. Året 1912 står rissa inn i berget over Grøttå på ein stad som heiter Høgaløypet. Det viser kor langt dei var komne på den tida (Finn Fossmark, munnleg kjelde).

I dag kan ein køyre med bil langs vegen frå Heggebotn og ned til Setre (5/2), og inn til Hesjedalen. Vegen ned til Grøttå – som og er den mest særprega delen av vegen – er for smal og usikker til å køyre på. Her bør ein gå. Denne delen av vegen er rett og slett hogd ut av berget, så det er eit særst bratt terreng. Her er det viktig med vedlikehald for å ta vare på og gjere vegen sikker. Langs heile vegen står det om lag 1000 stabbesteinar. Diverre har nokon blitt dytta ned frå tid til anna. Kaia nede på Grøttå vart bygd i 1914/15 som ein del av veganlegget (Skre 1974: 62). Det er Vaksdal Kommune som eig vegen, men lokale hyttefolk som held den i stand. (Koordinatorar vart plotta inn langs heile vegen. Dei som er oppgjevne her, vart plotta inn ved byrjinga av vegen oppe ved Heggebotn.)



*Del av stabbesteinsvegen ned til Grøttå*



*Delar av stabbesteinsvegen ned til Grøttå. Foto: Guro K Lund*

## Attåtnæringar

### Groli Bnr 5 (Veo Gnr 23)

#### *Revegard*

Reg.nr 1251/6074	KF – A 005°43.129' N 60°37.890'
------------------	---------------------------------

På eine åkeren ved Groli står eit stort bur som er bygd av tre og netting. Det er bølgeblikk på taket. Revegardane vart brukt til å avle opp sølvrev. Pelsen var moderne på 1920-talet og ga difor ei god inntekt for dei som dreiv med oppdrett. Revegardane kom i bruk på slutten av 1920-talet og dei fleste vart nedlagde innan slutten av 1940-talet. På den tida var ikkje pelsen like moderne lengjer (Skre 1987: 166ff). Revegarden på Groli kan difor rimeleg nok daterast til denne perioden.

#### *Nothengje*

Reg.nr 1251/6084	KF – A 005°43.140' N 60°37.956'
------------------	---------------------------------

Ope grindbygg som er delvis kledd. Inni er eit skjøynehus. Det vart brukt til oskjelsnæringa da ein bearbeida skjela der inne. Skjelgraving var ei attåtnæring som stort sett føregjekk frå 1880-talet og fram til 1940-talet (Fjellheim 1982: 108f). Slik sett kan det vere nærliggande å i alle fall datere skjøynehuset til denne tida, men det blir usikkert.

## Bukkestein Gnr 24

### *Ruin etter revegard*

Reg.nr 1251/6093	KF – A 005°43.361' N 60°38.383'
------------------	---------------------------------

Overgrodde murer etter bygning. Dette var en revegard og dei vart brukt til å avle opp sølvrev fordi pelsen var moderne på 1920-talet. Dette vart difor ei inntektsbringande attåtning for bøndene. Revegardane kom i bruk på slutten av 1920-talet og dei fleste vart nedlagde innan slutten av 1940-talet sidan pelsen ikkje var like moderne lengjer (Skre 1987: 166ff). Revegarden på Bukkestein kan difor rimeleg nok daterast til denne perioden.

## Kåstad Gnr 43

### *Avfallsplass for oskjel*

Reg.nr 1251/6116	KF – A 005°44.285' N 60°38.142'
------------------	---------------------------------

Ved kanten av åkeren ned mot fjorden ligg ein avfallshaug med knuste skjel. Den har kome til syne pga ein rotvelt. I staden for å arbeide med oskjela nede ved sjøen, heldt dei til oppe på tunet og dumpa avfallet i denne haugen. Skjelgraving var ei attåtning som stort sett føregjekk frå 1880-talet og fram til 1940-talet (Fjellheim 1982: 108f). Slik sett kan det vere nærliggjande å i alle fall datere avfallshaugen til denne tida, men det blir usikkert.



*Avfallsplass for oskjel som har kome til syne ved eit rotvelt. Foto: Anita Vik*

## Skule/forsamlingshus

### Hesjedalsbotn (Hesjedalen Gnr 4)

#### Bnr 5

##### *Skulestove*

Reg.nr 1251/6022	SEFRAK-ID 1251/014/026	KF – A 005°41.255' N 60°33.946'
------------------	------------------------	---------------------------------

Raudt hus med steinmur. Hesjedal var ein egen skule- og valkrins. Skulestova vart flytta til Hesjedalsbotn frå Bruvik i 1930, så me veit at det er eldre enn dette, men ikkje kor mykje. Bygningen ser ut til å vere i god stand og det brukast i dag som fritidsbustad. Det er nokre restriksjonar på endringar av eksteriøret, noko som gjer at ein lett gjenkjenner bygningen som eit skulehus.

Frå 1949 vart denne skulekrinsen nedlagd og borna måtte reise til Stanghelle (SVK 1989: 7).

### Bukkestein Gnr 24

##### *Skulehuset*

Reg.nr 1251/6097	KF – A 005°43.331' N 60°38.256'
------------------	---------------------------------

Kvit bordkledd bygning med vindauge i gavlane og elles på sida vende mot fjorden. Huset vart bygd i 1923/24, og skulen vart lagt ned i 1953 (SVK 1989: 16ff). Alt inventar er på plass i klasserommet. På loftet var det sløyd. Utafor står ei tilhøyrande bygning der det er tre utedoar, for det vart aldri lagt inn vatn i huset (SVK 1989: 16).

Gardane langs Veafjorden var eigen skulekrins (Skre 1965: 19).

## Anna kulturminne

### Kvamme Gnr 42

##### *Kvamsholmen med naust, Brørvikskuto og barkekar*

Reg.nr 1251/6128	KF – A 005°44.289' 60°39.065'
------------------	-------------------------------

*Naustet på Kvamsholmen* vart bygd i 2003 og det er eit ope grindnaust med fem grindpar. Dette er eit skutenaut og det husar Brørvikskuto. I tillegg oppbevarast det no to båtar som vart frakta frå Dyvik (Gnr 50) i mai. 2012. Det er meininga å nytta dette naustet som ei oppbevaring for slike båtar som bør takast vare på.

*Brørvikskuto* vart bygd i ein periode mellom 1992 og 2002 av Hans A. Brørvik. Dette føregjekk ved nohengja (1251/5055) i Gammersvik. I tillegg sette dei på masta i Kallvikahamna (5126). Skuta er ei rekonstruert vedaskute og den brukast for å fremma kunnskapen om båttradisjonane i fjordane i Nordhordland. Brørvikskuto er 12x4 meter lang og brei og årene er 12 meter lange. Det er stiftinga Brørvikskuto som eig skuta, mens Skutefolkjet driftar den.

På Kvamsholmen har det før vore nohengje, og like ved naustet er det eit *barkekar*. Det har blitt sprengd ut til dagens størrelse. I dette området skal det og vere eit likearma kors innrissa i berget.



*3. mai 2012 vart det frakta to haldorbåtar til Kvamsholmen for oppbevaring. Båtane kom frå Dyvik.  
Foto: Anita Vik*

## 9 Eidsland (1251/7000)

### Arkeologiske kulturminne

#### Eide Gnr 35

##### Bnr 1

###### *Gravhaug*

Reg.nr 1251/7003	Askeladden-ID 15916
------------------	---------------------

Haugen ligger på Åsen på Eide Gard. Den ligg på ein terrasse nordaust på haugen. Den er ca 10 meter brei og 0,5 meter høg. Den har vore høgare enn den er i dag, men dyrking og pløying endra på det. Den er noko skjemma av naturen, m.a. veks det mykje små trær og kratt oppå den. Den er likevel godt synleg enno. Haugen vart utgraven i 1966. Då fant dei at den har vore plyndra tidlegare. Det vart funne noko kol, men ikkje skikkelige spor etter sjølv gravane. Etter utgravinga vart haugen rekonstruert (<http://dokpro.uio.no>). Haugen daterast til jernalder og er automatisk freda med ei sikringssone på fem meter.

#### Myster Gnr 39

##### Bnr 1

###### *Rokadlhaugen*

Reg.nr 1251/7018	KF – A 005°48.779' N 60°44.114'
------------------	---------------------------------

Haugen skal ha lege på ei flate nord for Mysterelva. Den vart øydelagd kring 1900 og da fann dei eit sverd. Dette vart aldri rapportert inn. I same område skal B9958 – yngre jernalders tvertre til båt – ha blitt funne, og B11656 – yngre jernalders klebergrYTE – ha blitt funne (Fett 1966: 8).

## Kyrkjer

###### *Eidsland Kyrkje m/ kyrkjegard*

Reg.nr 1251/7015	Askeladden-ID 84074	KF – A 005°47.864' N 60°43.785'
------------------	---------------------	---------------------------------

Eidsland Kyrkje er ei langkyrkje med tårn i vest. Koret og skipet har same høgde og bredde. Tårnet er bygd i tre høgder og i nedre delen er våpenhuset (Hoff 2008). Kyrkja vart oppført etter heradsagronom L. Njerne sine teikningar og den er prega av enkle 17/1800-tals formar, med unntak av det spisse tårnet. Kyrkja sto ferdig i 1925 og vart da innvigd 29. april. Dette er den fyrste kyrkja som er bygd på Eidsland.

###### *Kyrkjegarden*

Kyrkjegarden ved Eidsland Kyrkje var opphavleg ein hjelpekyrkjegard for Stamnes. I oktober 1891 vart det kjøpt eit jordstykke frå Eide gard og kyrkjegarden vart vigsla det påfølgjande året. Kyrkjegarden ligg på nordsida av kyrkja (Hoff 2008).



*Eidsland Kyrkje. Foto: Guro K Lund*

## Industri/næring

### Møbelfabrikkane på Eidsland

Det byrja med A/S Eidsfjord Møbelfabrikk og seinare kom det til to fabrikkar. Desse fabrikkane sørgja for arbeidsplassar til mange folk i lang tid. På 1950-talet hadde så mange som 30 mann arbeid der (Skre 1987: 163). I dag er det ikkje mykje att som umiddelbart fortel at denne industrien har vore der, men fabrikkane har satt sitt preg.

### *A/S Eidsfjord Møbelfabrikk*

Reg.nr 1251/7012	KF – A 005°47.514' N 60°43.790'
------------------	---------------------------------

Fabrikken vart flytta frå Myster til Eidsøyra (Bnr 9) i 1911, så den eldste delen av fabrikkene kan ha vore eldre enn dette. Denne delen finst ikkje lengjer. Den delen som står att vart påbygd på 1970-talet. Det er mykje slitasje å sjå på bygget.

### *Elvestrand Trewarefabrikk*

Reg.nr 1251/7020	KF – A 005°47.818' N 60°43.735'
------------------	---------------------------------

Raudt bordkledd hus med skiferheller på taket. Huset står like ved fjorden, rett overfor Eidsland Kyrkje. Dette var ein av tre møbelfabrikkar på Eidsland. Den vart grunnlagd i 1947 (Skre 1965: 156). I dag nyttast den som fritidsbustad.



*Elvestrand Trewarefabrikk. Foto: Anita Vik*

### *Friborg Møbelfabrikk*

Reg.nr 1251/7019	KF – A 005°47.514' N 60°43.848'
------------------	---------------------------------

Dette var ein av tre møbelfabrikkar på Eidsland. Den vart grunnlagd i 1947 (Skre 1965: 156), men bygningen finst ikkje lengjer. I dag står det eit bustadhus på tomta.

### *Arbeidarbustader (Brakko)*

Reg.nr 1251/7017	KF – A 005°47.772' N 60°43.821'
------------------	---------------------------------

Gult murhus med skiferheller på taket. Dette var ein arbeidarbustad for arbeidarar ved møbelfabrikkane. Usikker datering, men sannsynlegvis frå 1900-talet sidan møbelfabrikkane hovudsaklig var i drift på 1900-tallet.

## **Dampbåtrelatert**

På Eidsland er det registrert eit kulturmiljø i forbindelse med kaia kor dampbåtane la til. Har vaks det fram eit lite sentrum med diverse handel, som vart lagt ned att når det vart meir vanleg å reisa med bil.

### **Eide Gnr 35**

#### *Eidsland Kai*

#### Bnr 2, 3

#### *Naust*

Reg.nr 1251/7008	KF – A 005°47.800' N 60°44.089'
------------------	---------------------------------

Innkledde grindnaust med porter framfor opningane. Dei ser ut til å vere i god stand.

#### Bnr 3

#### *Garasje (Eksingedalsruta L/L)*

Reg.nr 1251/7009	KF – A 005°47.839' N 60°44.073'
------------------	---------------------------------

Grå garasjebygning med fem store og ein litt mindre port. Selskapet leigde tomta frå 1954 (Skre 1965: 169).

#### Bnr 4

#### *Eidsland Nærbutikk*

Reg.nr 1251/7011	KF – A 005°47.833' N 60°44.085'
------------------	---------------------------------

Gult bustadhus med tilstøytande blå nærbutikk. Nærbutikken ei ein typisk liten butikk for ein liten tettstad. Tidlegare var det landhandel inne i det gule huset. Den var i drift frå 1890-1920. Bygga ser ut til å vere i god stand. I 1921 starta Eidsland Samvirkelag opp og butikken er enno i drift (Skre 1965: 169f).

#### Bnr 21

#### *Butikk/kontor*

Reg.nr 1251/7013	KF – A 005°47.839' N 60°44.073'
------------------	---------------------------------

Kvitt bustadhus med to piper. Det har vore ein butikk i huset og Eksingedalsruta L/L/Modalen og Eksingedalen Billag hadde kontor der inne. Tomta til huset vart skilt frå Bnr 3 i 1939 (Skre 1965: 172).

## Bnr 30

### *Hus/postkonor*

Reg.nr 1251/7014	KF – A 005°47.818' N 60°44.088'
------------------	---------------------------------

Kvitt bustadhus med skifer på taket. I dette huset var det postkontor. Bruket vart skilt frå Bnr 1 i 1949 og huset er sannsynligvis ikkje eldre enn det (Skre 1965: 172).

## **Veg/sti**

### Vegen mellom Eidsland og Dalseid

Reg.nr 1251/7001	Askeladden ID 128948	KF – koordinatar merka inn langs heile veggen
------------------	----------------------	---

Vegen er ein asfaltert riksveg (R 569) som går frå Eidsland via Stamnes og Straume til Dalseid. Den vart bygd i 1920-30-talet og veganlegget kosta 1 million kroner. Det gjorde det til den dyraste veggen i landet på den tida. Langs veggen finn ein til dømes tunellar som er hogd ut for hand. Det er stabbesteinar langs store deler av strekninga, og ein kan og sjå langs kantane at den er oppmura i bergsidene. Veggen inngår i *Nasjonal verneplan for vegar, bruer mv. Vegdirektoratet 2002*. I Askeladden står det at ein fredingssak pågår og at det er Riksantikvaren som er ansvarlig etat for dette. Sjølve veggen er i god stand, men smal nesten heile strekninga.



*Delar av veggen mellom Eidsland og Dalseid. Foto: Guro K Lund*

## **Myster Gnr 39**

### Bnr 48

### *Møster Bru*

Reg.nr 1251/7021	KF – A 005°48.279' N 60°44.131'
------------------	---------------------------------

Grøn malt jernbru som går over Storelvi nede ved Mysterøyra. Den vart bygd i 1930 og er i god stand.

## Attåtnæringar

Eide Gnr 35

Bnr 2

*Sandgroper*

Reg.nr 1251/7007	KF – A 005°48.065' N 60°44.369'
------------------	---------------------------------

I området mellom Bnr 2 og Åsen samt aust for Bnr 2 er det spor etter sanduttak. Dei byrja med sanduttak kring 1900 og haldt på til 2002/2003. Det byrja som er attåtnæring, men vart etter kvart hovudnæringa på garden (Skre 1965: 156). Heile området mellom Åsen og husa på Bnr 2 er eit einaste stort sanduttak, og bakkenivået var like høgt som Åsen og Bnr 2. Det viser eit stort område som er forsvunnen. Husa på Eidegarden sto opphavleg der, men vart flytta for å kunne grave meir sand.

## 10 Eksingedalen (1251/8000)

### Arkeologiske kulturminne

#### Eikefet Gnr 36

##### Bnr 4

###### *Grav*

Reg.nr 1251/8008	KF – A 005°49.477' N 60°45.479'
------------------	---------------------------------

Det vart oppdaga det som er tolka som ei grav ca 115 m nord for tunet på Bnr 4 og 5 m Vest frå vegen. I 1955 vart nordre halvdel utgrove og det vart funnen ei nedskjering i grusen samt fleire steinar som stå på kant. Det vart ikkje gjort noko funn (Fett 1966: 8). Grava er for lengst borte og registreringa er gjort ut frå Per Fett og eigar sine beskrivingar av området funne vart gjort i.

#### Høvik Gnr 54

##### Bnr 1, 3

###### *Gravhaug, funnstad – sølvringar*

Reg.nr 1251/8018	Askeladden-ID 106691	KF – A 005°51.873' N 60°47.059'
------------------	----------------------	---------------------------------

###### *Gravhaug*

Gravhaugen ligg på Bnr 3. I denne haugen har det blitt gjort funn: B3095-3096; øks, sigd, beisel, skaftgryte av kleber og jern (<http://dorkpro.uio.no>). Under registreringa fikk me ikkje tak i eigar og noko synfaring kunne difor ikkje skje. Haugen har blitt kontrollert av Hordaland Fylkeskommune i 2007 og den var då intakt. Haugen daterast til yngre jernalder, og det var ei ubrend mannsgrav.

###### *Sølvringar*

I 1941 vart det funne fire sølvringar (B9217) i ei myr framfor ein berghammar på Bnr 1. Disse ringane har eit tverrmål på 12-15 cm (Indrelid 1996: 168; <http://dokpro.uio.no>). Koordinatane er plotta inn i det området ringane skal ha blitt funne (opplysingane frå eigar på Bnr 4).

#### Flatekvål Gnr 57

##### Bnr 10

###### *Kulturlag*

Reg.nr 1251/8036	KF – A 005°56.967' N 60°47.069'
------------------	---------------------------------

Bekken på Bnr 10 raste i april ut og avslørte med det fleire lag i jorda under torva på åkeren like ved. Det tjukkaste laget låg ca 60 cm under torva og det var ca 10 cm tjukt. Dette vart meldt inn til Fylkeskommunen, og det kom to arkeologar og registrerte laga den 4. mai. Dei tolka det som dyrkningslag/avsviingslag. Dei fann att laget over heile åkeren, t.o.m. på andre sida av bilvegen. På andre sida av bekken var det ikkje å finne, så den må ha vore ei naturleg avgrensing. På denne sida fann dei òg ei rydningsrøys, men den vart det ikkje mogleg å datere.

*Kulturlag på Flatekvål. Foto: Anita Vik*



## Lavik Gnr 58

### Bruk 1, Ridnane (der inne)

#### *Gravhaug (og andre gravfunn)*

Reg.nr 1251/8045	Askeladden-ID 25652	KF – A 006°01.170' N 60°46.662'
------------------	---------------------	---------------------------------

På åkeren, bak driftsbygningen til Bnr 1, ligg ein gravhaug med eit svakt søkk i toppen. Den er 20 meter i tverrmål og 1,25 meter i høgda. Gravhaugen er godt synleg og uskadd og den daterast til jernalder. Haugen er automatisk freda og har ei sikringssone på fem meter (<http://dokpro.uio.no>). I tillegg har det vore utgrove fleire haugar på garden. Ein av desse låg nær haugen som står att. Den vart utgrove i 1824 og det vart funne ei øks og ei urne. Desse funna er tapt. Øksa daterast ut frå beskriving til vikingtid, noko som ikkje stemmer overens med urna som daterast til eldre jernalder. Sannsynlegvis dreier det seg om to graver (<http://dopro.uio.no>).

Nordaut for desse haugane skal det ha vore 3 haugar som mulegvis låg på rekkje. Her skal B9081 og B9759 ha blitt funne; to spydspissar som daterast til høvesvis eldre- og yngre jernalder (<http://dokpro.uio.no>).



*Gravhaug på Lavik. Foto: Anita Vik*

## Nesheim Gnr 65

### Bnr 9

#### *Gravhaugar*

Reg.nr 1251/8081	Askeladden-ID 66545	KF – A 006°09.832' N 60°47.949'
------------------	---------------------	---------------------------------

Ved den eldste kyrkjegarden på Nesheim (1251/8080) ligg det tre gravhaugar. Per Fett registrerte fire haugar i 1954, men den eine – ein langhaug – er borte. Her skal det ha vore gjort funn av øks, beisel og sverd. Sverdet skal ha vore ein kårde av nyare tid. Alt dette er tapt. 2 av haugane har søkk etter tidlegare graving. På den tredje vaks det eit tre. Dette er borte no.

Haugane daterast til jernalder og dei er freda etter Kulturminneloven med ei sikringssone. Denne blir ikkje overhalde. Da det vart registrert i 2007 vart det merka at haugan køyrast på med traktor. Dette har ikkje endra seg og det er hjulspor på dei enno. Denne behandlinga må opphøyre.

## Bygningar før 1650

### Eikefet Gnr 36

#### Bnr 1

#### *Eldhus*

Reg.nr 1251/8004	SEFRAK-ID 1251/305/007	KF – A 005°49.326' N 60°45.051'
------------------	------------------------	---------------------------------

Eldhuset på Eikefet skal det vere det eldste huset på garden. Det skal ha blitt bygd i 1625. Eldhuset er ein lafta bygning og den hadde i alle fall torvtak på 1960 talet (Skre 1965: 177). I dag er situasjonen ein anna. Torva er erstatta med presenning i eit forsøk på å stagga den verste lekkasjen. Her er det nemleg sterk forfall på gong. Heile huset synk saman på den eine sida og det er mykje råteskadar. Inne i eldhuset har det vore ljore og på veggane er det spor etter skinn som har vore satt opp til preparering. Det er og spor i treverket som tydar på at bygningen har vore høgare. I døra er det rissa inn eit kors, eit vanleg vern mot vonde maktar.

Huset skal ha vore sett på av ein ekspert på lafteteknikk som skal ha bekrefta alderen. Viss dateringa til 1625 eller stemmer – noko som må stadfestas – kvalifiserar det til automatisk freding etter kulturminnelovas §4. Eigar ynskjer hjelp til ivaretaking av eldhuset.



*Eldhuset på Eikefet. Det skal vera frå 1600-talet. Foto: Anita Vik*

## Kyrkjer

### Flatekvål Gnr 57

Eksingedalen Kyrkje m/ kyrkjegard

Reg.nr 1251/8038	Askeladden-ID 84083	KF – A 005°57.533' N 60°47.081'
------------------	---------------------	---------------------------------

Forutan tårnet i vest som har eit kvadratisk plan, så har kyrkja eit rektangulært plan med like stort skip og kor. Kyrkja er ei langkyrkje som er bygd av gråstein og sement og på det tjukkaste er den ein meter. Muren er glattpussa både inn- og utvendig i tillegg til at den er kalka (Hoff 2008). Kyrkja vart teikna av arkitekt Eckhoff i Stavanger og den sto ferdig i 1883. Den vart vigsla same året den 12. juni (Litleskare 1933: 119). I foten av tårnet er det sett inn ei dør frå den fyrste kyrkja. På den er det innrissa ANNO 1677. Det er ei tredør med ein svak boge på toppen. Kyrkja er prega av nyromanske formar. Inventaret er vanleg frå byggetida og seinare.

#### *Eldre Kyrkje*

*Askeladden ID 84083-1.* Før Eksingedalen Kyrkje vart bygd sto det eit trekapell på Flatekvål.

Opphavleg skulle kapellet byggas ved Kyrkjesteinen (1251/8044) på Lavik (Gnr 58), men av ymse grunnar vart ikkje dette noko av. Kapellet vart bygd ein gong etter reformasjonen og sto søraust for dagens kyrkje. Her var òg ein liten kyrkjegard (Litleskare 1933: 111). Den nøyaktige dateringa er usikker, men kapellet skal ha blitt oppført ein gong på 1600-talet. 1652 er til dømes rissa inn i treverk frå kapellet. I 1882 vart kapellet nedriven og tømmeret vart brukt i ei stove på Binningsbø (1251/8060 Bnr 2).

#### *Eldre Kyrkjegard*

*Askeladden ID 84083-3.* Ein eldre del av kyrkjegarden er datert til mellomalder. Dateringa er basert på mellomaldersk kyrkjeinventar og basert på innmåling av den gamle kyrkjegardsgrunnen. Denne delen er automatisk freda og har ei sikringssone på 5 meter. Ved ei registrering i 2009 vart det observert at området er skada pga av gravleggingar etter 1945, den seinaste på 2000-talet.

Den nyare delen av kyrkjegarden vart utvida på 1920-talet (Hoff 2008).

### Nesheim Gnr 65

*Nesheim Kyrkje*

Reg.nr 1251/8080	Askeladden-ID 85120	KF – A 006°09.325' N 60°47.928'
------------------	---------------------	---------------------------------

Nesheim Kyrkje er den kyrkja som ligg lengst opp i Eksingedalen, og det er ei listeført Kyrkje. Den vart oppført i 1907 og vart vigsla 17. september 1908 av Biskop Erichsen. Det har ikkje vore kyrkje på staden tidlegare, men den gamle hjelpekyrkjegarden som låg der frå før var ein viktig faktor for val av byggestad for kyrkja (Bergo 2007: 21, 26). Det er ei kvit bordkledd langkyrkje med våpenhus, klokketårn og eit sakristi på baksida. Opphavleg hadde kyrkja eit mindre sakristi enn dette. Kyrkja er lafta.

Tømmeret som vart bygd til å bygge kyrkja kom frå Eikemo (Gnr 37), skiferen til taket kom frå Voss, og stein vart hogd ut og henta frå Gullbrå (Gnr 69) (Bergo 2007: 25). Koret i kyrkja er plassert nokre gradar nord for aust (Hoff 2008).

#### *Eldre kyrkjegard*

Den eldste kyrkjegarden sto der før kyrkja kom som hjelpekyrkjegard. Den skal vere frå tidleg på 1800-talet (Bergo 2007: 33). Da den nye kyrkjegarden vart full, vart den gamle klargjort for bruk att.

#### *Ny kyrkjegard*

Det vart plassmangel på den gamle kyrkjegarden rundt 1918 og ein ny vart laga til. Det vart kjøpt opp 1000 m<sup>2</sup> land rundt kyrkja og den nye kyrkjegarden var i bruk frå 1924 til den vart full (Bergo 2007: 32f).

## Veg/sti

### *Reitlevegen*

Reg.nr 1251/8003

Reitlevegen går gjennom Eksingedalen og det er ein oppmerka sti/veg som no er i god stand. Eksingedølane byrja arbeidet frå 1840-talet og utover da det var ynskje om eigen veg i dalen. Delar av den kan vere eldre, men det var på denne tida at bygginga av den vegen me kan sjå i dag kom i gong. Arbeidet var eit skikkeleg dugnadsarbeid, og heile sju gardar frå Høvik til Øksendalen deltok. Det vart lagt ned over 6000 dagsverk i vegen. Da det kom ein ny veg frå 1888, vart den enkelte stader lagt over Reitlevegen. Dette gjer at det ikkje er mogleg å gå heile strekninga berre på den gamle vegen. Enkelte stader må ein ga på bilvegen (Vetlejord og Bergo 2008: 5ff).

Reitlevegen er i god stand. den har blitt rydda og merka i regi av Bygdarådet i Eksingedalen.

Namnet på vegen har ei naturleg forklaring:

”Reitleveg” tyder ein veg der hestar som var reidde til med kløv kunne komme fram, altså ein kløvveg” (Vetlejord og Bergo 2008: 5).

### **Eikemo Gnr 37**

#### *Steinbru*

Reg.nr 1251/8015 | KF – A 005°49.451' N 60°45.944'

Over elva som renn ut frå Eikemovatnet går det ei steinbru, eller klopp. Den er bygde av store steinheller, og den er ein del av Reitlevegen (1251/8003) som går gjennom Eksingedalen (Vetlejord og Bergo 2008: 9).



*Steinbrua på Eikemo som er ein del av Reitlevegen. Foto: Anita Vik*

## Skule/forsamlingshus

### Flatekvål Gnr 57

#### Bnr 18

#### *Ljosheim/ungomshus*

Reg.nr 1251/8117	SEFRAK-ID 1251/306/039	KF – A 005°57.896' N 60°47.169'
------------------	------------------------	---------------------------------

Raud bordkledd bygning med skifertak. Det var vedtatt i april 1893 å byggja huset, og i 1897 sto det ferdig. Seinare har det gjennomgått fleire endringar, m.a. ei påbygging i 1915 og bygging av ei scene på 1990-talet. I 1997 vart feira 100-årsjubileum (LH 1997: 5f). Ljosheim skal vere landets nest eldste ungdomshus.

## Minnesmerke

### Flatekvål Gnr 57

#### *Minnesmerke*

Reg.nr 1251/8037	KF – A 005°57.531' N 60°47.079'
------------------	---------------------------------

Rett framfor inngangen til Eksingedalen Kyrkje står ei granittstøtte med bronsebyste reist som minnesmerke over Nils A. Lavik. Han var stortingsrepresentant for KRF i åra 1934-1953. På baksida er steinen signert Ø. Laupsa. Minnesmerket vart reist av Kristeleg Folkeparti.

## Butikkar

### Lavik Gnr 58

#### Bnr 18

#### *Nærbutikken*

Reg.nr 1251/8054	KF – A 006°01.597' 60°46.782'
------------------	-------------------------------

Butikken på Lavik ligg like ved riksvegen og er ein typisk liten landhandel som ofte finst på små plassar. Her er korte opningstider, men ein nyttig butikk for eksingedølane.

## Anna kulturminne


### Eikefet Gnr 36

#### Bnr 1

#### *Ljoseberghelleren*

Reg.nr 1251/8002	KF – A 005°48.536' N 60°45.024'
------------------	---------------------------------

Helleren er inne i skogsområdet til Eikefetgarden, og den er ikkje tidlegare undersøkt. Her har det vore eit geitefjøs for rundt 100 år sidan. Det finst enno treverk som vart brukt til det formålet der. Flata i hellaren er 25 meter lang og den er 7,7 djup. No brukast hellaren til fritid og rekreasjon. Det er satt opp benkar og bord under den.



*Ljoseberghelleren. På ein regnfull dag synest dråpefallet til høgre godt. Foto: Anita Vik*

## **Lavik Gnr 58**

### Bruk 1, Ridnane (der inne)

#### *Kyrkjesteinen*

Reg.nr 1251/8044	KF – A 006°01.440' N 60°46.735'
------------------	---------------------------------

Like ved R 344 på åkeren til Bnr 1 står ein stor, nesten litt oval (i plan) stein. Det veks store tre på toppen. Namnet på steinen kjem av at kyrkja eigentleg skulle byggast der. Difor vart og tømmeret brakt dit. Av ein eller anna grunn ingen ser ut til å huske vart det i staden bygd kyrkje på Flatekvål, og det er fleire forteljingar knytt til dette (Lillejord og Steinsland 1984: 519). Steinen har vorte nytta som plass for kafferast for gardsfolk så lengje nokon kan huska. I tillegg knytt det seg ein tradisjon til steinen der dei unge skulle ga rundt steinen sju gonger. Den fyrste dei møtte etterpå skulle vera den dei skulle gifte seg med. Det at steinen har rast ned frå berget og landa på åkeren er ei naturleg hending som ikkje gjer den til eit kulturminne i den forstand. Det er derimot laga til 'veg' opp steinen, og med alle forteljingane som knytt seg til den er den likevel tatt med.

## **11 Registrerte kulturminne i Vaksdal Kommune – ei kort oppsummering**

Gjennom dette prosjektet har fleire hundre kulturminne frå dei ulike område vorte registrert. Alle er ført på eige skjema, i tillegg til at dei er fotodokumenterte. Ikkje alle foto kunne nyttast i rapporten, men dei er lagra og tilgjengelige gjennom kommunen.

Det er registrert kulturminne som er inndelt i to store grupper. Kva fortel dei oss? Mykje av kulturminna speglar grepa folk har vore nøydt til å gjere for å leve i området. Før vår tid har det vore lite vegar og bratte område å forsere. Folk har rydda jord i bratte skrentar og dei har reist over fjell eller langs fjordane. Etter kvart har dei kunne nytta tog, buss og bil. Alt er eit resultat av hardt arbeid og ein til tider imponerande stå på vilje. Blant kulturminna kan ein sjå tradisjonelle aspekt som våningshus som er typiske for Vestlandet. Det er restar etter førindustrielle gardar, og i mange tilfelle moderne etterindustrielle gardar. Landskapet har gjort at folk har måtta tilpasse seg – det kan ein t.d. sjå ved bruken av lad. Dei ulike resursane ein har hatt til disposisjon har avgjort kva ein har kunne levd av. Det kan ein sjå ut frå dei ulike attåtningane. Folk ha hatt alt frå sand, leire, stein, sølvrev, oskjel, fisk og ved til å tene ein ekstra slant.

I tillegg kjem spor etter forfedrar langt tilbake i tid. Det er gjort arkeologiske funn i alle dei inndelte geografiske sonene. Her har folk budd og levd i årtusener, og dei har alle sett spor etter seg. Det er noko som er verdt å hugse på.

### **11.1 Verdisetting og verdivekting**

No når sjølve registreringsarbeidet er ferdig i denne omgang, er det på tide å ta fatt i arbeidet med å verdisette og verdivekte aktuelle kulturminne (Jf kap. 1.3). Dette skal hovudsakleg skje gjennom kommunalt planarbeid. Viktige stikkord for verdivurdering av kulturminne er:

1. kunnskapsverdi
2. opplevingsverdi
3. bruksverdi

I tillegg må ein sjå kulturminna sin verdi an i forhold til lokal, regional og nasjonal verdi. Det føreligg eigne skjema for dette i del 3 av *Håndbok for lokal registrering*.

### **11.2 Har alle kulturminna like stor verdi?**

Her må nok det brutale svaret vere nei. I og med at alle spor etter menneskeleg aktivitet er kulturminne vil ikkje alt ha like stor verdi. Sandhaugen som er registrert nær Fosse i Bergsdalen vil nok ikkje har same verdi som t.d. 16-tals fjøset som står på Fossmark Gard. Så

kvifor registrere det? Det er fordi ein bør ta vare på så mykje av historia som ein kan. Sjølv om ikkje alt blir teke vare på er det viktig at kunnskapen ikkje forsvinn. Å forhaste seg med fjerning og gløyming av kulturminne er likevel ikkje å anbefale. Eit viktig stikkord her er nemleg *tid*. Det finst t.d. flust av våningshus på gardane i kommunen som i botn og grunn skriv seg til ein byggetradisjon som er å finne på Vestlandet. Folk bur i dei og held ved like på den måten. Likevel kan det vere at ein i framtida av ulike grunnar har så få att at ein må sette i gang tiltak for å bevare dei. Kulturminne kan altså gå gjennom ei verdiendring over tid. Det vil vere viktig å leggje til grunn.

### **11.3 Viktige kulturminne i kommunen**

Verdisetting og verdivekting er altså ikkje ein del av kulturminneregistreringa, men det er gjort nokre vurderingar av kulturminna under registreringsprosessen. Det trekkast difor fram nokre kulturminne her, som

#### *Arkeologiske kulturminne*

Desse kulturminna er allereie freda, noko som betyr at dei er så viktige at dei skal bevarast for ettertida. Mange av dei nyttast ikkje til noko, men ligg og blir overgrodd. Her er mykje kunnskaps- og opplevingsverdi til gode (viss ein hugsar på sikringssonene sjølvst).

#### *Bygningar frå før 1650*

I tillegg til Kallestadstova som er freda og i bruk finst det to bygningar som bør undersøkast da dei skal vere frå før 1650. Den eine er tatt ned og lagra, den andre forfell. Kallestadstova e eit godt døme på ei bygning som er svært gamal, men som enno nyttast. Her talast det om bruksendring, noko som kan endre opplevings- og kunnskapsverdi i tillegg.

#### *Laksegiljene*

Laksegiljene er ein liten rest av det som ein gong var ein utbredt fisketradisjon langs heile kysten. Det betyr at ein her i kommunen sitt med kunnskap og fysiske spor som har ein unik nasjonal verdi.

#### *Kulturmiljø*

Det er òg registrert nokre kulturmiljø i kommunen. Dei som skiljar seg mest ut er desse:

### *Veglause gardar*

Dei veglause og dermed isolerte gardane finst langs Veafjorden, Indre Osterfjorden og Eidsfjorden. Her hadde det vore lurt å teke vare på nokre av områda, for det er gardar som ikkje har gjennomgått den same moderniseringa som gardane med tilgong til veg. Nesten alle av desse gardane fungerer no som fritidsbustadar, noko som òg gjer at utviklinga ikkje har kome vidare. Her føreligg forslag og kulturløyper, oppussig og skilting. Eit område som gardane i Veafjorden hadde vore ein ideell plass for dette. Her er bygg som treng istandsetting, og mykje historie som godt kunne bli formidla på skilt. Ei slik kulturløype vil alltid vere avhengig av tilgang på båt. Det er mykje fin natur i området og å kombinere det med historia vil kunne gje området eit løft.

### *Gardstun*

Det er mange spor etter etterindustrielle gardstun rundt om i kommunen. Det typiske tunet ber preg av utskifting, og at ein har teke med seg hus og løe til den nye plassen. Det finst ikkje att nokre fullstendige førindustrielle tun, men det er nokre gardar som skil seg ut:

Dale: nokre hus er forsvunne, men ein kan enno tydeleg sjå rekketunet som ein gong var dominerande i landskapet.

Stamnes: dei tre hovudbruka ligg enno på gardstunet fordi det aldri har vore utskifting på garden. Det er òg det som gjer den så spesiell. Her er det nemleg enno teigblanding, ein veldig tydeleg rest av det førindustrielle tunet.

### *Industri*

Industrien har prega spesielt Vaksdal og Dale. Både mølla og fabrikkane har potensiale for å bli verna i ei fjern framtid, men det er mykje meir som knytt seg til deira historie.

Forsamlingshus og bustadar som er reist i forbindelse med dei høyrer òg med til denne særprega historia. I dag skil dei seg kanskje ikkje så mykje ut i dei tettbebudde landskapa, men ein lyt alltid hugse på at dei er kulturminne som høyrer til i eit samspel med andre kulturminne. Når dei er borte vil det bli vanskeleg å hugse på kva miljø dei høyrde til.

### *Byggeteknikkar og tradisjonar*

Byggeteknikkar er noko som er viktig ved bevaring av kulturminne. Skal ein bevare gamle bygningar kan det lønne seg å bevare reiskapen dei er laga med. Her kan t.d. ulike sager nemnast.

## 11.4 Synfaring på landskapsmuseet i Straume

Synfaringa fant sted 6. juni med Solveig Jordal som er avdelingsleiar ved Kulturverntenesta i Nordhordland (Museumssenteret i Hordaland). Ved synfaringa gjekk me gjennom Kallestadstova og Skulehuset, spesielt med tanke på å undersøkje bevaringsforholda i husa. I tillegg var ein gjennomgang på kva tiltak som kan gjerast for å nyttegjere bygningane meir. I dag er dei ikkje mykje i bruk.

### *Kallestadstova*

- På vinters tid er klimaet inne i stova rått. Det er ikkje bra for gjenstandane som oppbevarast der inne. Eit døme er tinn-gjenstandar som er angripe av tinnpest, noko som førekjem ved kulde.
- Gjenstandar som er mala bør settast vekk frå vindauget da malinga blir øydelagt av for mykje lys.
- Oppbevaring av tekstilar i kommode med glaslokk er ein god måte å oppbevare tekstil på. Dei må derimot vere tette, men moglege å opne for reingjering.

### *Skulehuset*

- Bunadssølv og dei andre gjenstandane bør sjåast på av ein konservator.
- Det er viktig med betre reinhald, tilsyn og tette vindauge. No ligg det t.d. floge inne i montrane.
- Viss ikkje samlingane er i bruk kan det vere lurt å vurdere å lagre dei annanstads. Det kan vere eit magasin, arkiv, bankboksar e.l. Dette gjeld spesielt for militærutstyret – metallet kan få rustskadar.
- Det bør vere ei praktisk ordning med nøkkel. Bygga er ein del av landskapsmuseet, men det er ikkje mogleg for besøkjande å sjå noko. Det bør vere eit system der museet haldas under oppsikt. Ein alarm kan gjerne litt for lett gå av.
- Samlinga på loftet med tekstil som er innpakka er ikkje trua, men den kunne godt vert nytta. Slik det er no har teksten liten nytteverdi.
- Det finst museumsnummer på gjenstandane, me ingen ser ut til å vite kor katalogen er. Dette må ein finne ut av. I tillegg er det lurt å fotografere alle gjenstandar. Det er dei store musea som har ansvar for lagring. Dei små har ansvar for formidling.
- På loftet ligg det lyse tekstilar samt bøker som blir utsett for lys. Dette gjer at dei blir øydelagde. Trykken på bøkene falmar og kvite klede blir først gule, og så brune.

- Bøker til utstilling bør lukkes eller leggjast på skrå. Eventuelt kan dei opnas rett før visning. Når dei står over lengre tid, sig dei saman og sidene fell ut.
- Det kjem fuglar inn som skit rundt i huset. Dette er ikkje bra det er syre bi avføringa. Inngangen deira bør tettast.

*Ting som kunne vore gjort i begge husa:*

- Henge opp gardiner som kan stengje lyset ute for å beskytte gjenstandane. Gardinene må ikkje vere så tette at dei stenger fukt inn i vindaugskarmene.
- Skaffe eit kvitt lerret/tekstil for å dekke til utsette gjenstandar. Det må heller ikkje vere for tett.
- Bruke kommodar med glaslokk for tekstilar.
- Skaffe fuktmålar for å finne ut korleis bevarings forholda er. På vinterstid er Kallestadstova ikkje ein bra oppbevaringsstad for alt som er der inne.

*Forslag til bruk av husa*

- Oftare vedlikehald. Graset blir for høgt før det blir slått. Kanskje kan kommunale vaktmeistrar sjå innom oftare? Her kan det òg vere mogleg å skaffa sumarjobb til ungdommar.
- Katalogisering og fotografering av gjenstandane er òg ein mogleg sumarjobb.
- Utvikle undervisningsopplegg. Gå i samarbeid med lærarane og få skulane involvert til å hjelpe med drifta. Førskular burde òg kunne nytta husa.
- Midlertidig stille ut delar av utstillingane i den fleirbrukshallen på Dale?

Det er veldig klart at noko må gjerast med bygga og gjenstandane i dei, og her er det viktig å leggje små nøkterne planar. Det er betre med små steg som blir gjennomført enn store planar som forsvinn ut i ingenting for dei ikkje let seg gjennomføre.

Gjenstandane i husa kan halde seg i eit par århundre viss dei berre blir vedlikehalde skikkeleg.

I museumsplana for 2013 er det vedtatt at Vaksdal skal liggje under Hordaland Museumsteneste. Det vil seie at kommunen da kan benytte seg av tenester derifrå. Museumstenesta kan m.a. hjelpe med å søke om midlar, i tillegg til å vere behjelpeleg med vurdering av bevaring og bruk.

## 11.5 Døme på bruk av kulturminne andre stader

### *Herand i Jondal Kommune*

Herand er ein liten plass og staden har slitt mykje med fråflytting. Gjennom ei stor satsing på bruk av kulturminne har dei økt turisme og svekka fråflyttinga noko. Her er m.a. laga ei kulturløype som går innom t.d. ein stor heller og helleristningar. Målet i Herand var å auke bevisstheita rundt alle kulturminna som finst i bygda, noko dei klarte. Ei konsekvens av dette vart at innbyggjarane følte ein større stoltheit og tilknytning til heimstaden sin.

### *Norsk kvernsteinsenter i Hyllestad*

På Hyllestadsenteret har det vore testa ut ein museumsmodell der 9. klassingar har vore innom eit bestemt antal timar kvar uke i løpet av eit heilt år. Der fekk dei opplæring i ein rekke handverkstradisjonar samt historia til kvernsteinsbrotet. M.a. fekk dei òg opplæring i guiding. Det desse ungdommane sto att med etter eit år var da mykje praktisk historiekunnskap i tillegg til ei veldig nyttig arbeidserfaring.

Å gjere eit liknande grep med delar av Landskapsmuseet kan vere nyttig både for skuleelevar og kommunen sjølv.

## 11.6 Avslutting

Kulturminne er eit viktig fellesgode for eit lokalsamfunn og svært viktig for samfunnsutviklinga. Dei er ein viktig del av kulturarva og gir både opplevingar og kunnskap. No når registreringa er over kjem den delen av prosessen der ein må gjere eit godt utval med tanke på verdisetting og verdivekting. Med tida skal òg kulturminna leggjast ut i [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no), den offentlege databasen for kulturminne. Det er ein database kor alle kan bidra – og hente ettertrakta kunnskap.

## Uregistrerte Kulturminne

I og med at registreringa er basert på eit stort utval av ulike kulturminne er det naturleg nok ein del som ikkje er med. Her presenterast derimot nokre som ikkje bør gløymast.

Gravhaug i Bergsdalen

Denne gravhaugen var det ikkje mogleg å registrere. Den skal liggje på Hatlestad gard, ca 500 meter frå Bnr 1. Den vart utgraven i 1953 av Asbjørn Herteig. Den er ikkje oppført i Askeladden, og det er heller ikkje merka av i Matrikkelen at det er eit gravminne på garden.

Askeladden-ID 6091 Gravhaug

På Flatekvål er det registrert ein gravhaug på Bnr 1. Den var overgrodd, men synleg i 2007.

Askeladden-ID 132539 Skipsvrak

Askeladden-ID 132538 Skipsvrak, Stamnes

Askeladden-ID 89339 Skipsvrak, Skipshellervraket

Askeladden-ID 89175 1-2 Skipsvrak, Kallvik

Askeladden-ID 132536 Kulturminne under vann, Vikafjordmannen

Askeladden-ID 132540 Skipsvrak, Hagavika

Askeladden ID 133788 Kolframstillingsanlegg, Eksingedalen

Askeladden-ID 89340 Skipsvrak, Boldstadleira

Askeladden-ID 130843-45 Skipsvrak, Stamnes

Askeladden-ID 150910 Skipsvrak, Follavika

Askeladden-ID 13379-93 Dyregrav ved Daleelva

Askeladden-ID 133799 Beinhellere, Eksingedalen



*Skipshellervraket (i midten av biletet). Foto: Anita Vik*

## Litteratur

- AH = Avisa Hordaland. *Startar riving for fleirbrukshall*. Av Jan Egil Dyvik. Publisert i papirutgåva 01.09.2011.
- Berge, A. 2011. "Eit folk i arbeid" i *Årbok 2011*. Vaksdal Historielag. Dalekvam.
- Bergo, H. 2007. *Frå fjell til fjord*. Sogelaget. Bolstadøyri.
- Bøe, J. 1934. *Boplassen i Skipshelleren på Straume i Hordaland*. Bergens Museums skrifter nr 17. A.S. John Griegs Boktrykkeri. Bergen.
- Christensen, A.L. 1995. *Den norske byggeskikken – hus og bolig på landsbygda fra middelalder til vår egen tid*. Pax Forlag A/S. Oslo.
- DBD = *Dei bygde draumen. Jubileumsskrift for Bergsdalen Kyrkje. 50 år*. 2005. Odda.
- Fett, P. 1966. *Førhistoriske minne i Nordhordland 2. Bruvik Prestegjeld*. A.s John Griegs Boktrykkeri. Bergen.
- Fjellheim, B. 1982. *Sand å føre – singel å selje. En studie av økonomisk tilpassing i vestlandsbygden Stamnes. 1870-1940*. Upublisert magistergradsavhandling i etnologi. Institutt for Folkelivsgranskning. Universitetet i Oslo.
- Gammersvik, Å. 1984. *Laksefiskarane – Teknologisk og økonomisk tilpassing på Stamnes i Nordhordland, 1870-1980*. Upublisert magistergradsavhandling. Universitetet i Oslo.
- GNB = *Geologisk natursti i Bergsdalsfjella. Småbrekke – Høgabu – Dale (Vaksdal)*. Brosjyre utgitt av Vaksdal Kommune.
- Gubberud, I.J. 1982. *Vossebanen 1883-1983 – en beretning om Vossebanens tekniske, økonomiske og politiske historie gjennom hundre år*. Norsk Jernbaneklubb. Bergen.
- Hagen, A. 1990. *Helleristningar i Noreg*. Det Norske Samlaget. Oslo.
- Hoff, A.M. 2008. *Frå Norges Kirker – registrert av NIKU*. Upublisert manuskript med registreringar av kyrkjene i Vaksdal Kommune.
- HLR = *Kulturminner i kommunen. Håndbok for lokal registrering*. 2012. Riksantikvaren. Oslo.
- Indrelid, S. 1996. *Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene. Band I. Frå steinalder til vikingtid*. Eide Forlag. Bergen.
- Iversen, I. 2009. "Livet på "Hedlo" i min Barndom" i *Årbok 2009*. Vaksdal Historielag. Dalekvam.
- KD = *Kyrkjestaden Dale 100 år: 1896 – 1996 : Jubileumsskrift*. 1996. Dale Sokneråd. Odda.
- Klyve, S. 2007. *Turar i Vaksdal*. John Grieg AS. Bergen.
- LH – "Ljosheim 100 år" i *Årbok 1997*. Vaksdal Historielag. Dalekvam.

- Lien, O.P. 2004. *Samarbeid i trivselens tegn – frå chambre til merkevarer. Noen historiske blad frå et gjenstridig industrisamfunn*. Åsane Grafiske Senter A/S. Åsane.
- Linge, T.E. 2007. *Arkeologisk registrering på Tettaneset, gnr. 20 Stanghelle i Vaksdal kommune*. Kulturhistoriske registreringar. Kultur- og iderttavdelinga, seksjon for kulturminnevern og museum. Hordaland Fylkeskommune.
- Lillejord, S. og Steinsland E. 1984 [1976] *Bygdebok for Modalen Herad. Mo sokn og Eksingedalen sokn. Band I. Gards og Ættesoga*. Modalen Sognenemnd. Bergen.
- Litleskare, J. 1933. *Mo Kyrkja og Eksingedalen Kyrkja*. Bergen.
- Ljone, L. 1978. ”Bergsdalsvassdraget. Kraftutbygging.” i *Bergsdalen – ei fjellbygd i Hordaland band I*. Bergsdalen ordbrukslag. S. 298-309.
- Lorentzen, B. 1960. *Dale Fabrikker 1879-1959*. Dale Fabrikker. Bergen.
- Lorentzen, B. 1966. *Vaksdal Mølle 1866-1966*. J.W. Eides Boktrykkeri A/S. Bergen.
- Myrmel, K. 2009. *Innspel til fleirbrukshall og kulturhus*. Upublisert innspel til plangruppa. Dale.
- NGa = *Norske Gardsbruk. Hordaland Fylke II. Mid- og Nordhordland Band I*. 1964. Aasland, A. og Strand, Å. (red). Forlaget Norske Gardsbruk P.M. Bye & Co. A.S. Oslo.
- NGb = *Norske Gardsbruk. Hordaland Fylke II. Mid- og Nordhordland Band II*. 1964. Aasland, A. og Strand, Å. (red). Forlaget Norske Gardsbruk P.M. Bye & Co. A.S. Oslo.
- Schjærven, L. og Gjerdåker, J. 1982. *Evangerboka. Gards og ættesoga. Band I*. Boktrykk/Norsk Skjemaforlag. Bergen.
- Schjærven, L. og Gjerdåker, J. 1984. *Evangerboka. Gards- og ættesoga. Band II*. Voss Bygdeboknemnd. Voss.
- Trefall, T. 2003. *Stølsliv i Eksingedalen*. Levande Fosselandskap. Områdeplan for Eksingedalen. Eksingedalen Bygdaråd.
- Schjærven, L. 1978. ”Eigar og brukarsoga” i *Bergsdalen – ei fjellbygd i Hordaland Band I*. Bergsdalen Jordbrukslag. s. 45-221.
- Skre, B & I. 1965. *Vaksdal Bygdebok band III. Stamnes Sokn gards og ættesoga*. J. W Eide A/S. Bergen.
- Skre, B. 1974. *Vaksdal Bygdebok band II. Dale Sokn gards og ættesoga*. J.W. Eides Boktrykkeri A/S. Bergen.
- Skre, B. 1981. *Vaksdal Bygdebok band I. Bruvik Sokn gards og ættesoga*. Bergen Forlag og Grafisk Service A/S. Bergen.
- Skre, B. 1987. *Vaksdal bygdebok band IV. Ålmen bygdesoga frå dei eldste tider til 1940*. Flisa Boktrykkeri A/S. Flisa.
- SVK = *Skuleminne – Vaksdal Kommune*. 1989. Jubileumsskrift.

Søvik, O.U. 1990. *Idrettshistorie for Vaksdal og Modalen kommunar gjennom 100 år. 1890-1990*. Dale.

Vetlejord, B. og Bergo, L.A. 2008. *Reitlevegen gjennom Eksingedalen*. Bygdarådet i Eksingedalen.

## Munnlege kjelder

Ein stor takk rettast til dei som har kome med informasjon vedrørande dei ulike kulturminna.

Namn	Kva stad det er gitt informasjon om	Anna
Trond Hartvedt	Skreien	
Martha Knutsen	Vaksdal	
Rolf Knutsen	Vaksdal/Herfindal	
Silje Søgnesand	Vaksdal	
Lars Olav Eilivsen	Vaksdal/Grøttå	
Berit Hana	Hana	
Odd Hisdal	Langhelle	
Karl Boge	Ytre Boge	
Astrid Olaus Bruvik	Kjeneset	
Johannes Nilsen Vaksdal	Brualeite	
Johnny Stanghelle	Stanghelle	
Egil Stanghelle	Stanghelle	
Åse Litleskare	Fossmark/Eikefet	
Johannes Fossmark	Fossmark	
Øystein Lilleskare	Fossmark	
Jørn Helle	Helle	
Evy Beate Kvamme	Dale	
Ole Johnny Domben	Solliabakken	
John Hjalmar Dale	Dale	
Ole Petter Lien	Sess-stølen	
Marta Maria Zuliani	Hesjedal (Gnr 40)	
Elisabeth Vik	Hesjedal (Gnr 40)	
Olav Gammersvik	Gammersvik	
Rita Vik	Vik	
Arne Vik	Vik	
Ingebrigt Gammersvik	Stamnes	
Rolf Jarle Simmenes	Simmenes	
Mari Gullbrå	Mellesdalen	

Norvald Gullbrå	Mellesdalen	
Nils Johan Dyvik	Dyvik	
Odd Reigstad	Verpelstad	
Arvid Grøsvik	Grøsvik	
Terje Dalseid	Dalseid	
Ragnar Trohjell Toskedal	Toskedal	
Sigmund Simmnes	Toskedal	
Dag Brekke	Brekke	
Per Småbrekke	Småbrekke	
Finn Fossmark	Osterøy/Tettaneset	Per e-post
Ola D. Kvamme	Kvamme	
Gunnar Bukkestein	Osterøy og Veafjorden/Stamnes	Båtfører og guide
Trygve Kallestad	Osterøy og Veafjorden/Stamnes	Guide
David Blomdal	Heggebotn (Blomdal)	
Lars Eide	Eide	
Nora Eikefet	Eikefet	
Oddvar Eikefet	Eikefet/Eikemo	
Torunn Eikemo	Eikemo	
Geir Ove Carlsen	Høvik	
Brita Finne Lavik	Lavik	
Inger Lavik	Lavik	
Helge Bergo	Bergo	
Nils L. Nesheim	Nesheim	
Nils N. Nesheim	Nesheim	
Leif Kåre Ekse	Ekse	
Ingunn Gullbrå	Ekse/Gullbrå	
Annie Gullbrå	Gullbrå	
Albert Gullbrå	Gullbrå	
Morten Ramstad	Tettaneset	Arkeolog v/ Universitetsmuseet i Bergen
Solveig Roti Dahl	Flatekvål/Herfindal	Arkeolog v/ Hordaland Fylkeskommune Per e-post

## **Internett**

NSD = <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/forvaltning/enhet/52938/endringshistorie> [Opplasta 04.06.12]

Dale of Norway – <http://dale.no/about/the-company> [opplasta 07.06.12]

Jernbaneverket – <http://www.jernbaneverket.no/no/Jernbanen/Stasjonsok/-V-/Vaksdal/> [Opplasta 20.06.12]

## **Register og databasar**

Askeladden

Dokumentasjonsprosjektet

<http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/Bergen/hovedkat.html>

[http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett\\_ramme.html](http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html)

SEFRAK-registeret

Matrikkelen – Statens Kartvek [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no)

## **Forkortingar**

B – Bergen Museum (Brukast til museumsnummer)

Gnr – Gardsnummer

Bnr - Bruksnummer

SEFRAK – Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg

KF - kartfesting

Gnr/Bnr – vil stå med berre nummer til eksempel 5/2.

MEB – Modalen og Eksingedalen Billag.